


# Straffbart mottak av terrorrelevant opplæring

*Ein analyse av straffelova § 136 bokstav d*

Kandidatnummer: 25

Antall ord: 13691



JUS399 Masteroppgåve  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

10.12.19



# Innholdsliste

Innholdsliste .....	2
1 Innleiing .....	3
1.1 Problemstilling, aktualitet og utfordringar .....	3
1.2 Metode, rettskjeldebilete og relevante omsyn .....	5
1.3 Innhald, avgrensingar og oppbygging .....	9
2 Opplæringskravet .....	11
2.1 Innleiing .....	11
2.2 Forholdet mellom lærar og elev .....	12
2.3 Kor aktiv må eleven vere? .....	15
2.4 Når er opplæringa fullbyrda? .....	16
3 Kva må opplæringa gå ut på? .....	19
3.1 Innleiing .....	19
3.2 Metodar eller teknikkar .....	19
3.3 Egnet til å utføre eller bidra til å utføre .....	20
3.4 Terror eller terrorrelaterte handlingar .....	22
4 ”Særlig egnet” .....	24
5 Kort om kravet til vidaregåande forsett .....	31
5.1 Innleiing .....	31
5.2 Eleven har terrorhensikt .....	31
5.3 Eleven har forsett om læraren si terrorhensikt .....	32
6 Forholdet til menneskerettane .....	33
6.1 Utfordringar og avgrensingar .....	33
6.2 Ytringsfridom .....	35
6.2.1 Innleiing .....	35
6.2.2 Begge formene for ytterlegare forsett føreligg .....	37
6.2.3 Eleven har forsett om læraren sitt terrorformål .....	39
6.2.4 Eleven har terrorforsett, læraren er uvitande .....	41
6.2.5 Avsluttande kommentar om forholdet til menneskerettane .....	43
7 Avsluttande merknadar om framtida .....	44
Litteraturliste .....	46

# 1 Innleiing

## 1.1 Problemstilling, aktualitet og utfordringar

Hovudproblemstillinga i denne oppgåva er kva som utgjer eit fullverdig brot på straffelova<sup>1</sup> § 136 bokstav d, om å ta imot opplæring i terrorrelevante metodar eller teknikkar.

Straffelova § 136 bokstav d blei tatt inn i straffelova i 2013<sup>2</sup>, som eit supplement til § 136 bokstav c som forbyr det å gi terroropplæring.<sup>3</sup> Straffebodet er eit resultat av Justis-og beredskapsdepartementets høyringsnotat av 12.juni 2012 som blei fremja på bakgrunn av brev frå Politiets sikkerhetstjeneste (PST) i brev av 1.november 2011.<sup>4</sup> Kriminaliseringa er ein reaksjon på både terrorangrepet den 22.juli 2011 i Oslo og på Utøya, og opprettinga og den aukande tilslutninga til radikale islamistiske grupper, særleg den Islamske Staten i Syria og Levanten (ISIL). Den pågåande konflikten i Midtausten har ført til at mange personar frå ulike land, også Noreg, har reist for å delta i krigføringa som framandkrigarar.<sup>5</sup> I PST si trusselvurdering frå 2013 blei det presisert at eit av problema i denne samanheng er at enkelte(framandkrigarar) som returnerer frå reiser og deltaking på såkalla ”terrortreningsleirar”, kjem heim til Noreg med ein lågare terskel for bruk av vald, og med ein auka intensjon og kapasitet til å gjennomføre terrorhandlingar.<sup>6</sup> Departementet meinte på bakgrunn av denne trusselvurderinga at både allmennpreventive og individualpreventive omsyn talte for å kriminalisere det å ta imot opplæring til å utføre terror-og terrorrelaterte handlingar.<sup>7</sup>

---

<sup>1</sup> Lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff (Straffeloven – strl.).

<sup>2</sup> Endringslov 21.juni 2013 nr.85.

<sup>3</sup> Endringslov 7.mars 2008 nr.4.

<sup>4</sup> Sjå Justis-og beredskapsdepartementet sitt høyringsnotat, 12.07.12 og brev 1.november frå PST.

<sup>5</sup> Bakker og Singleton(2016) anslår at per 2016 hadde om lag 30 000 personar frå heile verda reist til Syria og Irak for å ta del i konflikten som framadkrigarar.

<sup>6</sup> Jf. Prop.131 L (2012-2013) s. 12-13: Politiets sikkerhetstjeneste- åpen trusselvurdering frå 2013.

<sup>7</sup> Jf. Prop.131 L(2012-2013) s. 27.

Framveksten av terrororganisasjonen ISIL, og den utbreidde utreisninga til konfliktområder, har gjort straffebodet svært dagsaktuelt. I tillegg har den auka bruken av internett til terrorformål<sup>8</sup>, ført til at det i dag er fleire plattformer for opplæring enn nokon gong tidligare. På internett kan det bli lagt ut manualar, treningsvideoar, lydklipp og annan praktisk informasjon, samt bli danna forum og gruppesider der medlemmar kan kommunisere med kvarandre. Den store variasjonen i opplæringsplattformer, frå terrortreningsleirar til internettforum, gjer at det er vanskelegare enn tidligare å fastsetje kva som skal reknast som straffbar opplæring.

Paragraf 136 bokstav d er eit av fleire straffebod i kap.18<sup>9</sup> som straffar i forløpet til ei terrorhandling. Desse ”førebuingsstraffeboda” kriminaliserer handlingar som leiar fram mot ei terrorhandling, ikkje ei terrorhandling i seg sjølv.<sup>10</sup> Terrorbrottsverk har så fatale konsekvensar, for både enkeltpersonar og samfunnet som heile, at det vil vere uakseptabelt av myndigheitene å ikkje setje inn mottiltak for å forhindre at slike handlingar finn stad. Tanken er at strafferetten er til liten hjelp dersom den ikkje kan vere med på å forhindre at terrorhandlingar skjer.<sup>11</sup>

Ein annan viktig og tiltenkt<sup>12</sup> konsekvens av den auka kriminaliseringa av førebuingshandlingar, er den tilsvarande utviding av politiet sin tilgang til å nytte skjulte tvangsmiddel ved mistanke om brot på straffebodet.<sup>13</sup> Paragraf 136 bokstav d, og dei andre førebuingsstraffeboda i kapittel 18, er dermed ein del av ein aukande tendens i norsk straffelovgivning til å kriminalisere og gripe inn i forkant av alvorlege straffbare handlingar – såkalla pre-aktiv strafferett.<sup>14</sup>

---

<sup>8</sup> Jf. UNODOC; ”The use of the internett for terrorist purposes”, (New York 2012), s. 3-11.

<sup>9</sup> Blant anna strl. §§ 135, 136, 136 a.

<sup>10</sup> Jf. Gröning, Husabø og Jacobsen(2019) s. 383, med vidare henvisning til Husabø(1999) s. 314-316, jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 101.

<sup>11</sup> Jf. Husabø(2018) s. 22-23 og s. 302-307.

<sup>12</sup> Sjø Prop. 131 L (2012–2013) s. 24, der det står blant anna at ”(...)En strafferamme på seks år åpner for bruk av de fleste tvangsmidler bortsett fra teknisk sporing, jf. straffeprosessloven § 202 c, og kommunikasjonskontroll etter straffeprosessloven § 216 a.

<sup>13</sup> Lov 22.mai 1981 nr.25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosesslova – strpl.), fjerde del.

<sup>14</sup> Jf. Blant anna Husabø(2003) og Lomell og Uglevik (2012) kap.6 ”Punishing the uncommitted crime”.

Det at straffebudet straffar i forkant av eit konkret terrorbrottsverk medfører ikkje berre eit skifte frå det re-aktive til det pre-aktive, det forskyv også fokuset frå det objektive over til det subjektive.<sup>15</sup> Ved kriminalisering av førebuingshandlingar er det gjerne det kriminelle sinnelaget til gjerningspersonen som skil eit straffbart forhold frå straffrie handlingar, ikkje element ved den ytre handlinga.<sup>16</sup> Denne forskyvinga av fokus frå det objektive til det subjektive, har konsekvensar sett opp imot leiande kriminaliseringsprinsipp (til dømes skadefølgje-og skuldprinsippet) og sikkerheitsgarantiar som blant anna menneskerettane. Forholdet til desse grunnleggande prinsippa vil vere sentralt ved tolkinga av straffebudet.

Denne oppgåva vil ha som mål å klargjere kva som er gjeldande rett på området, men sidan §136 bokstav d er relativt ny, og ikkje brukt i rettspraksis, er innhaldet noko uavklart. Sidan innhaldet i straffebudet ikkje er avklart, vil oppgåva, der rettskjeldene ikkje gir eit eintydig svar, til ei viss grad gi uttrykk for mitt syn på korleis straffebudet bør forståast. Tolkinga vil skje i lys av dei metodiske prinsippa som er gjennomgått under i kap.1.2.

## 1.2 Metode, rettskjeldebilete og relevante omsyn

Analysen vil ta utgangspunkt i lova sin ordlyd. For at nokon skal kunne straffast etter norsk rett er det krav om heimel i lov, jf. Grunnlova<sup>17</sup> § 96 og den Europeiske menneskerettskonvensjonen(EMK) art.7. Dette ”heimelskravet” har dei seinare åra blitt sterkt vektlagt av Høgsterett,<sup>18</sup> som fleire gonger har lagt til grunn at det ikkje er tilstrekkeleg at lovgivar klart har ønska å ramme den aktuelle handlinga, dersom den ikkje naturleg fell inn under ordlyden.<sup>19</sup> Det er med andre ord ikkje rom for analogiar eller sterkt utvidande tolkingar i strafferetten. Ordlyden vil difor utgjere ramma for den vidare analysen.

---

<sup>15</sup> Jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 104.

<sup>16</sup> Jf. Ibid. s. 103.

<sup>17</sup> Lov 17.mai 1814 Kongeriket Noregs Grunnlov (Grunnlova – Grl.).

<sup>18</sup> Sjø Frøberg(2015) s. 46.

<sup>19</sup> Jf. Blant anna Rt.2014 s. 238 A avsnitt 15-18 og Rt.2012 s. 1211 U.

I tillegg til heimelskravet, stiller legalitetsprinsippet i Grl.§ 96 og EMK art.7 opp eit minstekrav til presisjon ved utforming og tolkinga av straffebod – ”Lovkravet”.<sup>20</sup> Lovkravet er i fyrste omgang eit krav til lovgivar om å utforme så presise straffebod som mogeleg, slik at borgaren kan føresjå konsekvensane av sine handlingar (rettsvisse).<sup>21</sup> Men Høgsterett har i nokre nyare dommar gitt signal om at lovkravet også stiller visse krav til rettsbrukaren. I Rt.2005 s. 1628 A<sup>22</sup> (avsnitt 15-17) seier Høgsterett at rettsbrukaren i ”tolkningen (...) må ha for øye grunnleggende prinsipp som Grunnloven §96”(lovkravet). Det same blei lagt til grunn i Rt.2014 s. 786 A, ved tolkinga av den rettslege standarden ”utilbørlig” i straffelova 1902 § 276a.<sup>23</sup> Desse utsegna frå Høgsterett tilsei at ikkje berre lovgivar, men også rettsbrukaren har ei plikt til å tolke uklar lovtekst så stramt som mogeleg.<sup>24</sup> Bakgrunnen for dette er omsynet til rettsvisse. Det er lite ønskeleg at uklar lovtekst får eit unødvendig stort verkeområde, då dette kan gjere det vanskeleg for borgaren å på førehand forutsjå si rettsstilling.

Forarbeida er også ei viktig kjelde, då det gir haldepunkter for kva lovgivar tenkte ved utforming av straffebodet. Særleg Prop. 131 L (2012–2013), Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) og Innst.442 L (2012–2013) er sentrale ved tolkinga av §136 bokstav d.

Paragraf 136 bokstav d er eit relativt nytt straffebod, og det føreligg ikkje rettspraksis frå nokon instans om dette straffebodet per dags dato. Det føreligg derimot rettspraksis om andre terrorføresegner i kapittel 18. Desse vil bli trekt fram i den utstrekning dei er av tyding for tolkinga av § 136 bokstav d.

---

<sup>20</sup> I Rt.2014 s. 238 A avsnitt 15-18, la Høgsterett til grunn at lovkravet er like strengt etter Grl.§96 og EMK art.7.

<sup>21</sup> Sjå HR-2018 s. 1781-A avsnitt 23, som skriv at bakgrunnen for lovskravet i Grl. § 96 og EMK art.7 er at ”borgere på forhånd med rimelighet skal kunne forutse hvilke handlinger som er straffbare og dermed ha mulighet til å handle i tråd med dette.”

<sup>22</sup> I denne dommen var spørsmålet om eit trykt skrift hadde eit innhald som var omfatta av forbodet mot ”kjønnslege skildringer som virket støtende” i strl.1902 § 204(2).

<sup>23</sup> Sjå også HR-2019-1675-A avsnitt 29 der Høgsterett presiserer at ”[e]n slik tolkningsprosess [der man tolker basert på supplerende kilder] er ikke i strid med klarhetskravet, forutsatt at bestemmelsens kjerne forblir den samme etter tolkningsprosessen, slik at hensynet til forutberegelighet ivaretas”.

<sup>24</sup> Jf. Grønning, Husabø og Jacobsen(2019) s. 66-68 og s. 151.

Analysen er i utgangspunktet ikkje komparativ. Men i mangelen på nasjonal rettspraksis om temaet, har eg sett hen til korleis spørsmålet er regulert i dei andre nordiske landa og Tyskland, for å illustrere ulike sider ved reguleringa.

Det er også sparsamt med juridisk litteratur som tek for seg og problematiserer kriminaliseringa av terrorrelevant opplæring i § 136 bokstav c eller d. Eit unntak er professor Erling Johannes Husabø si bok ”Terrorisme i norsk strafferett – Ein analyse av straffelova kapittel 18.” frå 2018. I denne boka gjennomgår professor Husabø terrorlovgivinga i Noreg, også § 136 bokstav d. Sidan dette er den einaste juridiske framstillinga som direkte tek opp og problematiserer den aktuelle tematikken, vil denne boka vere ei heilt sentral rettskjelde og inspirasjonskjelde i denne oppgåva.

Terrorkapittelet i straffelova blei tatt inn i straffelova for å skaffe Noreg eit effektivt vern mot terrorisme. Det er difor naturleg å sjå føresegnene i kapittel 18 i samanheng. Særleg § 136 bokstav c, som straffar den som ”gir opplæring i metoder eller teknikker som er særlig egnet” til utføre terrorhandlingar, vil vere viktig for forståinga av bokstav d. I tillegg til at § 136 bokstav c og d i stor grad operere med same ordlyd og vilkår, er det å gi opplæring og det å ta imot opplæring to sider av den same handlinga.<sup>25</sup> Rettskjelder som kastar lys på forståinga av § 136 bokstav c vil difor vere sentrale også for forståinga av § 136 bokstav d.

Terror-og terrorrelaterte handlingar er ein utprega global kriminalitet,<sup>26</sup> og terrorstraffeboda må tolkast i lys av internasjonale kjelder. Ved lovfesting i 2008 hadde § 136 bokstav a til c som formål å gjennomføre Europarådet sin konvensjon av 16.mai 2005,<sup>27</sup> om førebygging av terrorisme art.5 til 7.<sup>28</sup> Denne konvensjonen er ikkje direkte bindande for Noreg, då det ikkje er ein del av EØS-avtalen. Men Noreg har som eit uttalt mål å ha ei straffelovgivning som er mest mogeleg i tråd med utviklinga i EU, blant anna for å hindre at Noreg opererer med ei mildare kriminalisering enn andre land i Europa, og slik blir ein såkalla ”trygg hamn” for

---

<sup>25</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 86; ”Bokstav d supplerer bokstav c som gjelder den som gir terrortrening”.

<sup>26</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 154.

<sup>27</sup> Europarådets konvensjon av 16.mai 2005 om forebygging av terrorisme ETS nr.196.

<sup>28</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 319.



kriminelle.<sup>29</sup> Til tross for at bokstav d ikkje er direkte grunnlagt i denne konvensjonen, eller i andre internasjonale plikter, vil den nære koplinga mellom § 136 bokstav c og bokstav d, gjere at Europarådskonvensjonen(2005) også har betydeleg vekt i vurderinga av innhaldet i bokstav d.

EU kom også med eit nytt direktiv om bekjempelse av terrorisme i 2017,<sup>30</sup> som erstatta og supplerte Europarådets rammeavgjersler frå 2002<sup>31</sup> og 2005<sup>32</sup>. Dette direktivet pålegg medlemsstatane i EU å kriminalisere det å ta imot terrorrelevant opplæring. I tillegg til at Noreg ikkje er bunden av dette direktivet, kom direktivet mange år etter lovfesting av § 136 bokstav d. Direktivet vil difor ha minimal rettskjeldemessig vekt ved tolkinga av straffebodet. Men på grunn av at terror-og terrorrelaterte handlingar har eit utprega transnasjonalt preg, og behovet for eit mest mogeleg samordna lovverk i kampen mot slik kriminalitet, vil også EU-direktivet frå 2017 vere av ei viss interesse ved tolkinga av § 136 bokstav d.

Strafferetten skal verne om enkeltmennesket sine grunnleggande fridomar, men må samstundes vise tilstrekkeleg respekt for gjerningspersonen sine rettar. Det er fleire omsyn som er viktig i denne avveginga mellom ulike fridomar, men ved tolking og utforming av førebuingstrauffebod er spenningsforholdet mellom omsynet til effektivitet og rettstryggleik særleg interessant.<sup>33</sup> Terrorhandlingar har stort skadepotensiale, og utgjer ei fare for samfunnsordenen så vel som enkeltmenneskes liv og helse. Sidan det her er fare for så viktige rettsgodar, vil omsynet til effektivitet stå sterkt ved tolking av straffebodet. Men som forskuttert i punkt 1.1, har strl. § 136 bokstav d også element som gjer at omsynet til rettsvise og rettstryggleik må stå sterkt. Både legalitetsprinsippet, skadefølgjeprinsippet og skuldprinsippet, samt sentrale menneskerettar som uskuldspresumsjonen, ytringsfridom og retten til privatliv,<sup>34</sup> vil spele ei sentral rolle i tolkinga av straffebodet.

---

<sup>29</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 28 og 154 og Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 83.

<sup>30</sup> Jf. EU-direktiv 2017/541/JHA.

<sup>31</sup> Jf. Europarådets rammeavgjersle 2002/475/JHA.

<sup>32</sup> Jf. Europarådets rammeavgjørelse 2005/671/JHA.

<sup>33</sup> Jf. Husabø(2003) s. 97-98.

<sup>34</sup> Jf. Henholdsvis Grunnlova §§ 96 andre ledd, 100 og 102 første ledd.

### 1.3 Innhald, avgrensingar og oppbygging

Denne oppgåva vil ta stilling til kva som er gjeldande rett på området. Spørsmål om det reelle behovet for eit straffebod som kriminaliserer det å ta imot terrorrelevant opplæring, og om reguleringa i det heile tatt er hensiktsmessig, fell difor i utgangspunktet utanfor framstillinga. Kritiske merknadar om straffebodet si utforming og rekkevidd vil derimot bli trekt fram undervegs i gjennomgangen der dette er naturleg.

Framstillinga skal berre ta for seg fullbyrda brot på § 136 bokstav d. Medverknad til og forsøk på å ta imot opplæring etter § 136 bokstav d er også straffbart i norsk rett, jf. §§ 15 og 16, men fell utanfor det denne oppgåva skal drøfte.

Paragraf 136 bokstav d har følgjande ordlyd:

”Med fengsel inntil 6 år straffes den som lar seg lære opp i metoder eller teknikker som er særlig egnet til å utføre eller bidra til utførelsen av en straffbar handling som nevnt i §§ 131, 134, 135 eller §§ 137 til 144, med forsett om å bruke ferdighetene til dette eller med forsett om at opplæringen gis med dette for øyet.”

Straffebodet inneheld fire gjerningselement for straff: Gjerningspersonen 1) ”lar seg lære opp” i 2) ”metoder eller teknikker” som 3) er ”særlig egnet til å utføre eller bidra til utførelsen” av 4) ei straffbar handling som er nedfelt i §§ 131, 134, 135 eller §§ 137 til 144.

I tillegg må gjerningspersonen ha eit forsett som dekker alle dei nemnte gjerningselementa, jf. strl. § 21, jf. § 22.<sup>35</sup> Gjerningspersonen må ha forsett om at ho tek imot opplæring frå nokon andre, og at ho dermed ”lar seg lære opp”. I tillegg må forsettet dekke det at ho lar seg lære

---

<sup>35</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 21.

opp i ei metode eller ein teknikk som kan brukast til å utføre eller bidra til utføringa av terrorbrotsverk, og at denne metoden eller teknikken er ”særlig egnet” til dette.

Ut over det ”normale” forsettskravet, krev § 136 bokstav d at eleven også har eit vidaregåande forsett. Lovteksta stiller opp to alternative måtar eleven kan oppfylle kravet til vidaregåande forsett: anten må eleven 1) ha til formål å bruke opplæringa til å gjennomføre terrorhandlingar eller 2) ha forsett om at dette er læraren sitt formål med opplæringa.

I den vidare framstillinga vil eg i kapittel 2 til 4 gå gjennom gjerningselementa i straffebodet. Eg ser først på kva det vil seie at eleven ”lar seg lære opp” (kapittel 2), før eg deretter drøftar kva opplæringa må gå ut på for å bli råka av føresegna(kapittel 3), og kva som ligg i kravet om at metoden eller teknikken må vere ”særlig egnet”(kapittel 4). Vidare vil eg i kapittel 5 kort gå gjennom kravet til vidaregåande forsett, før eg i kapittel 6 ser på straffebodet sitt forhold til menneskerettane, særleg ytringsfridomen. Til slutt vil det gis ein avsluttande merknad om straffebodet i kapittel 7.

Oppgåva vil ikkje gå nærare inn på det ordinære forsettskravet, og vil berre kort gjennomgå kravet om vidaregåande forsett(kap.5). Dette er eit bevisst val frå mi side, då innhaldet i forsettskravet i seg sjølv ikkje byr på særleg tolkingstvil i dette tilfellet. Eg meiner derimot at det er viktig med ein kort gjennomgang av kravet til vidaregåande forsett, då dette spelar ei avgjerande rolle for straffebodet sitt forhold til menneskerettane(kap.6).<sup>36</sup>

---

<sup>36</sup> I både Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 160-162 og Prop. 131 L (2012–2013) s. 28, presiserer lovgivar at kravet om eit vidaregåande forsett er ein sentral årsak til at straffebodet står seg overfor menneskerettane.

## 2 Opplæringskravet

### 2.1 Innleiing

Det første spørsmålet analysen tar opp er kva som ligg i opplæringskravet – ”lar seg lære opp”. Opplæring er ei form for kunnskapsoverføring mellom to eller fleire partar, der ein anten vidareførar informasjonen(lærer), eller er mottakar av den(elev).<sup>37</sup> Forarbeida til § 136 bokstav d fastslår at opplæringskravet skal ha same innhald som i bokstav c, med den justering at det i bokstav d knytter seg til mottak av kunnskapen, ikkje vidareføring av denne.<sup>38</sup>

Kunnskap kan overførast på mange ulike måtar, og omhandle utallege forskjellige ting. Det er klart nok at ikkje alle former for aktiviteter der det skjer ei kunnskapsoverføring kan rammast av straffebodet. Ordlyden gir derimot ikkje eit klart og eintydig svar på kva former for kunnskapsoverføring som skal rammast. I forarbeida er det presisert at det vil bero på ei konkret vurdering om overføring av kunnskap mellom to partar skal reknast som opplæring etter bokstav c og d.<sup>39</sup>

Som nemnt innleiingsvis i punkt 1.1 har rammene for kva som skal reknast som straffbar opplæring blitt meir problematisk å trekke opp, då det i nyare tid har utvikla seg mange fleire måtar å tileigne seg kunnskap på. Denne utviklinga reiser mange ulike spørsmål knytt til rammene for opplæringskravet: Kor aktiv må eleven vere for å bli omfatta av straffebodet, kva kontakt må føreligge mellom lærar og elev, og når er opplæringa fullbyrda?

Vidare i kapittel 2 vil eg forsøke å trekke fram hovudelementa i opplæringskravet. Målet med drøftinga er å klargjere kva minstekrav som må stillast til opplæringssituasjonen for at den

---

<sup>37</sup> I den vidare framstillinga vil ordet ”lærer” bli nytta om alle som gir opplæring, medan ”elev” blir nytta om den som tek imot opplæring.

<sup>38</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

<sup>39</sup> Jf. Ibid. s. 86.

skal omfattast av § 136 bokstav d, og på den måten gjere det lettare å trekke opp rammene for straffbar opplæring etter straffebodet.

## 2.2 Forholdet mellom lærar og elev

Dei seinare åra har det utvikla seg stadig fleire måtar å gi og ta i mot opplæring på. Den klassiske undervisningssituasjonen, der undervisinga føregår i eit klasserom eller på eit treningsanlegg, og både lærar og elev fysisk er til stades, er ikkje lenger den einaste forma for undervisning. Internett har gjort det mogeleg å gi og ta imot undervising til tross for at den fysiske avstanden mellom lærar og elev er stor. Dette opnar for spørsmålet om kva kontakt det må vere mellom lærar og elev, for at kunnskapsoverføringa skal omfattast av opplæringskravet.

Om ein ser ordlyden i § 136 bokstav c og bokstav d i samanheng, ser ein at opplæring alltid krev to partar, ein lærar som overfører informasjon og ein elev som tek i mot. Eleven er med andre ord objektet for læraren si opplæring.<sup>40</sup> Dei situasjonane der eleven sjølv les ei bok eller lastar ned læringsmateriale via internett er vanskeleg å foreine med ordlyden. Det er ikkje naturleg å seie at ein ”lar seg lære opp” av forfattaren av ei bok, eller den som har lasta opp opplæringsmateriale på Internett. Då er det meir i tråd med normal språkbruk, å seie at ein på eigenhand har tileigna seg kunnskapen.

Forarbeida seier at ordlyden blei valt nettopp for å utelukke desse formene for eigenstudie. Dei presiserer at ”opplæring over for eksempel internett etter omstendighetene kan rammes, men at det må finne sted en form for to-veis kommunikasjon mellom deltakerne for at en opplærings situasjon kan sies å foreligge.”<sup>41</sup>

---

<sup>40</sup> Jf. Husabø(2018) s. 220.

<sup>41</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 86.

Dette kravet om to-vegs kommunikasjonen ser tilsynelatende ut til å komme i konflikt med EU si regulering av same spørsmål i EUs-direktiv 2017 art.8. Innhaldet i artikkel 8 blei presisert slik i avsnitt 11 i forordet:<sup>42</sup>

Receiving training for terrorism includes obtaining knowledge, documentation or practical skills. Self-study, including through the internet or consulting other teaching material, should also be considered to be receiving training for terrorism when resulting for active conduct and done with the intent to commit or contribute to the commission of a terrorist offence. (...) Thus, downloading a manual to make explosives for the purpose of committing a terrorist offence could be considered to be receiving training for terrorism.

Som ein ser legg EU-direktivet opp til ei vidare forståing av det å ta i mot terrorrelevant opplæring, enn den norske regelen gjer. Etter EU-direktivet art.8 er det tilstrekkeleg at gjerningspersonen sjølv tileignar seg kunnskap, noko som går dårlig overeins med kravet til to-vegs kommunikasjonen som er føresatt i norsk rett.

Ordlyden ”gi opplæring” i § 136 bokstav c kan isolert sett tolkast på same måte som EU-direktivet art.8, slik at det også omfattar det å legge ut ferdigstilt materiale på nett. Men slik er det derimot ikkje naturleg å forstå føresegna. Paragraf 136 bokstav c gjennomfører Europarådet sin konvensjonen om førebygging av terrorisme frå 2005 art.7 i norsk rett. Etter denne konvensjonen gjeld kriminaliseringsplikta berre i dei tilfella der læraren hadde kjennskap til ein eller fleire elevar – elles ville ho ikkje kunne oppfylle kravet ”knowing that the skills provided are intended to be used for this purpose”.<sup>43</sup> Lovgivar presiserte i samanheng med lovfesting av § 136 bokstav c at dei ikkje hadde eit ønskje om gå lenger enn naudsynt ved gjennomføring av direktivet, og det må difor innfortolkast eit tilsvarande kunnskapskrav i bokstav c. Sidan opplæringskravet i bokstav d skal ha same innhald som i

---

<sup>42</sup> Jf. EU-direktiv 2017/541/JHA.

<sup>43</sup> Sjø Husabø(2018) s. 220.

bokstav c,<sup>44</sup> er det naturleg å også tolke bokstav d i tråd med EU si regulering i art.7.<sup>45</sup> Dette tyder i likskap med ordlyden og forarbeida på at eigenstudie ikkje omfattast av straffebodet.

I tillegg til at ei kriminalisering av eigenstudie stemmer dårlig overeins med ordlyden og forarbeida, er det også problematisk sett opp mot skadefølgjeprinsippet.<sup>46</sup> Dette prinsippet går ut på at ein i utgangspunktet berre skal kriminalisere handlingar som medfører skade eller fare for skade. Straffelova §136 bokstav d er eit førebuingstraffebod, og opplæring har ikkje i seg sjølv medført nokon direkte skade. Kriminaliseringa er grunngitt i faren for kva eleven kan komme til å ta seg til i forlenginga av opplæringa.<sup>47</sup> Ein del av det som gjer terroropplæring kritikkverdig og farleg er den gjensidige påverknaden og det fellesskapet som oppstår mellom deltakarane i undervisinga.<sup>48</sup> Kva påverknad ein gjer på andre, og dei på deg, er utanfor eins kontroll, og farepotensialet opplæringa er då uvisst. Der eleven driv med sjølvstudiar oppstår ikkje dette fellesskapet, og ein del av det som gjer formidlinga av terrorrelevant kunnskap særleg farleg er då tatt ut av situasjonen. Eigenstudie fell dermed utanfor føresegna, og straffebodet stiller krav om ein viss gjensidig kommunikasjon mellom lærar og elev.

Ut over at det må føreligge ein viss kommunikasjon mellom lærar og elev, gir ikkje forarbeida<sup>49</sup> si formulering ”en viss to-veis kommunikasjon” klare svar på kor mykje kontakt straffebodet krev. Formuleringa ”en viss” kan tyde på at det ikkje var meininga å stille veldig strenge krav til omfanget av kommunikasjonen – utan at ordval i forarbeida i seg sjølv skal gis nemneverdig vekt.

Forholdet til EU tilseier også at ein ikkje skal stille nemneverdige krav til kommunikasjonen sitt omfang. Det er lite ønskeleg med ei terrorlovgiving som skil seg nemneverdig frå den i EU-landa.<sup>50</sup> Sidan forordet til art.8 ikkje ser ut til å stille krav om tovegs-kommunikasjon i

---

<sup>44</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

<sup>45</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 169.

<sup>46</sup> Jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 88-92.

<sup>47</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

<sup>48</sup> Sjå punkt 6.2.3.

<sup>49</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 86.

<sup>50</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 169.

det heile tatt, burde heller ikkje Noreg stille for store krav til kommunikasjonen sitt omfang. At det ikkje burde stillast for store krav til omfanget av kommunikasjonen har også støtte i juridisk teori. Erling Johannes Husabø legg i si bok til grunn at det nok må vere tilstrekkeleg for å oppfylle vilkåret, at eleven har studert undervisningsmateriale på internett, stilt læraren eit spørsmål og fått eit oppklarande svar.<sup>51</sup>

## 2.3 Kor aktiv må eleven vere?

Det å lære er ein prosess som kan føregå på forskjellige måtar. Eit fellestrekk med all opplæring er derimot at læraren innehar informasjon som eleven ikkje har, og aktivt må forsøke å overføre denne til eleven, i form av instruksjon, trening eller liknande. Det å gi opplæring er med andre ord ein aktiv prosess. Eleven si rolle i eit studieopplegg varierer derimot meir, og det er då ikkje like innlysande kva krav ein skal stille til eleven sitt aktivitetsnivå. Spørsmålet er då kor aktiv eleven må vere for å bli råka av opplæringskravet i § 136 bokstav d.

Ordlyden ”lar seg lære opp” gir uttrykk for at eleven må ha godkjent opplæringa – at den må vere frivillig – men gir ut over dette ikkje klare haldepunkt for kva eleven må yte i ein gitt opplæringssituasjon. Ved lovfesting av § 136 bokstav d, blei det stilt spørsmål om straffebodet skulle omfatte det å vere til stades der det føregår terrortrening, altså om rein passiv deltaking i undervisinga var tilstrekkeleg for straffeansvar. Dette meinte departementet blei for vidtrekkande, då det kunne ramme tilfelle der parten var lite å klandre, for eksempel der ein person blir lurt med på eit ”terrortrening-arrangement”, utan å ha mogelegheit til å komme seg ut av det. Ei slik kriminalisering ville utgjere ei urimeleg innskrenking i handlefridomen, og bryt med norsk rettstradisjon.<sup>52</sup> Departementet valde difor ordlyden ”lar

---

<sup>51</sup> Jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 83 og Husabø(2018) s. 221. Husabø skriv at ”[k]ommunikasjonen må vera relatert til formidlinga av slike ”metoder eller teknikker” som lova råkar. Noko nærare krav til omfanget av kommunikasjonen kan ein neppe stilla”.

<sup>52</sup> Jf. Torgersen(2013) s. 127-146.



seg lære opp”, som dei meinte avgrensa mot slik passiv deltaking.<sup>53</sup> At tilstedeværelse fell utanfor straffebodet er også i tråd med EU-direktiv art.8, som krev at opplæringa er eit resultat av ”active conduct”.<sup>54</sup>

Passiv deltaking fell dermed utanfor føresegna.<sup>55</sup> Men kor mykje aktivitet krev straffebodet ut over tilstedeværelse? Formuleringane ”lar seg lære opp”, ”gi opplæring” og ”active conduct” gir få haldepunkt for kor mykje aktivitet som faktisk krevjast. I forarbeid er det presisert at det må takast høgde for at ulike opplæringssituasjonar stiller ulike krav til aktivitet frå deltakarane.<sup>56</sup> Ein førelingssituasjon vil ikkje krevje like mykje aktivitet frå eleven si side, som til dømes det å ta køyreopplæring. Der ein førelingssituasjonen normalt er prega av stor aktivitet frå førelaren(læraren) si side og mindre frå eleven, vil det ved køyreopplæring gjerne vere motsett. Det hadde vore unaturleg og lite forutberegnelig dersom straffebodet stilte dei same krava til eleven sitt aktivitetsnivå i begge disse opplæringssituasjonane.

Det kan dermed ikkje gis nokon fasit på kva krav ein må stille til elevens aktivitetsnivå i kvar enkelt opplæringssituasjon. Om eleven har vore aktiv nok i ein opplæringssituasjon vurderast konkret ut i frå kva type undervising det er tale om.

## 2.4 Når er opplæringa fullbyrda?

Opplæring skjer ikkje momentant. Som oftast er ein læringssituasjon spreidd over eit lengre tidsrom, og kan vare i alt frå timar, til dagar, til år. Til meir avansert og kompleks teknikken eller metoden er, til lenger tid tek det gjerne å formidle og ta i mot den nødvendige informasjonen. Spørsmålet som reiser seg er då kor langt ut i denne læringsprosessen ein må vere for å kunne seie at opplæringa er fullbyrda. Når har eleven latt seg lære opp?

---

<sup>53</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

<sup>54</sup> Jf. EU-direktiv 2017 (2017/541/JHA.)

<sup>55</sup> I Prop. 131 L (2012–2013) s. 27 presiserast det at passiv tilstedeværelse etter omstendene kan rammast som medverknad til å motta terrortrening, jf. strl.§ 15.

<sup>56</sup> Jf. Ibid. s. 25.

Ordlyden ”lar seg lære opp” er ikkje heilt klar på når den straffbare handlinga er fullbyrda, men gir signal om at eleven i det minste må ha tatt del i undervising som omhandlar ”metoder eller teknikker”. Forarbeida slår fast at det ikkje er noko krav at læraren formelt sett er ferdig med undervisinga,<sup>57</sup> eller at eleven faktisk har tileigna seg kunnskapen læraren har forsøkt å formidle.<sup>58</sup> Ut over at dette gir derimot ikkje forarbeida noko eintydig svar på problemstillinga, då dei inneheld fleire og motstridande utsegn om kor mykje informasjon som må vere formidla før opplæringa er fullbyrda.

Ein plass i forarbeida skriv departementet at det er tilstrekkeleg for straffansvar at gjerningspersonen har ”bestemt seg for å motta terrortrening”, for deretter å oppsøke trening/opplæring.<sup>59</sup> Denne formuleringa tyder, i motsetnad til ordlyden, på at det er tilstrekkeleg at eleven har gjort seg opp ein tanke om å ta i mot opplæring som er eigna til å utføre terrorhandlingar. Ei slik tolking av føresegna vil ramme svært vidt, då det opnar for at myndigheitene kan straffe ein ”elev” for fullbyrda brot på § 136 bokstav d allereie før ho har tatt del i terrorrelevant undervising. Ein straffar dermed eleven eine og aleine på grunn av hennar subjektive innstilling. Dette stemmer ikkje berre dårleg overeins med ordlyden i § 136 bokstav d, men også norsk strafferettstradisjon, som i utgangspunktet berre straffar konkrete handlingar.<sup>60</sup>

Ein annan plass i forarbeida står det derimot at straffebodet først er overtrådt ”i det [eleven] har påbegynt opplæring”.<sup>61</sup> Denne formuleringa er lik den vi finn i forarbeida til den tilsvarande regelen i dansk rett, dansk borgarleg straffelov<sup>62</sup> § 114 d stk.3, som blei gjennomgått i samband med lovfesting av den norske regelen.<sup>63</sup> Forarbeida til den danske føresegna slår fast at brotsverket skal bli ansett fullbyrda i det gjerningspersonen har begynt treninga, instruksjonen eller anna opplæring.<sup>64</sup> I likskap med ordlyden tyder formuleringa

---

<sup>57</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 86.

<sup>58</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 320.

<sup>59</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

<sup>60</sup> Jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 82-105.

<sup>61</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 86.

<sup>62</sup> Dansk Borgerlig straffelov, 15 april 1930 nr.126 (Dansk straffelov),

<sup>63</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 21-22.

<sup>64</sup> Jf. Ibid s. 21-22.

”påbegynt opplæringen” at eleven faktisk må ha tatt del i undervising før opplæringa kan seiast å vere fullbyrda.

Forarbeida si kopling til den danske regelen, og formuleringar som ”*i det* gjerningspersonen har begynt treningen”, gjer det nærliggande å tolke straffebodet til at opplæringa er fullbyrda straks undervisinga i ”metoder eller teknikker” tek til.<sup>65</sup>

Men det farlege, uønska og kritikkverdige med opplæring etter strl. § 136 bokstav d er opplæringa si tilknytning til ei framtidig terror-eller terrorrelatert handling.<sup>66</sup> Terrorrelevant opplæring er farleg på grunn av at den gjer deltakarane meir kapabel/rusta til å gjennomføre eit terrorbrottsverk.<sup>67</sup> Det framstår då mindre treffande å seie at ein ”gir opplæring” eller ”lar seg lære opp ” i ”metoder eller teknikker” allereie straks undervisinga tek til, då eleven på dette tidspunktet ikkje enda har mottatt noko informasjon som gjer ho (meir) rusta til å utføre terrorbrottsverk. Farepotensialet til opplæringa viser seg først når det har blitt overgitt så mykje informasjon at opplæringa faktisk kan seiast å omhandle slike terrorrelevante ”metoder eller teknikker” som blir råka av straffebodet, jf. kapittel 3 og 4.

Det er meir i tråd med både ordlyden og grunngjevinga for kriminaliseringa, å tolke straffebodet dit at opplæringa er fullbyrda i det det er formidla så mykje informasjon at opplæringa kan seiast å omhandle slike ”metoder eller teknikker” som er ”særlig egnet” til å utføre terrorbrottsverk. Denne tolkinga støttast også av Husabø i hans bok ”Terrorisme i norsk strafferett”.<sup>68</sup>

---

<sup>65</sup> Sjå også Magnus Matningsdal, Norsk lovkommentar: Straffeloven, note 961, Rettsdata.no, der han skriv at brotsverket er fullbyrda ”straks opplæringen er påbegynt”.

<sup>66</sup> Sjå kapittel 3 og 4.

<sup>67</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 28.

<sup>68</sup> Jf. Husabø (2018) s. 221.

## 3 Kva må opplæringa gå ut på?

### 3.1 Innleiing

I kapittel 2 blei det drøfta kva som krevjast av sjølve opplæringssituasjonen for at kunnskapsoverføringa skal omfattast av § 136 bokstav d. I kapittel 3 og 4 skal eg sjå nærare på kva opplæringa må gå ut på for å bli råka av straffebodet.

Terrorhandlingar kan gjennomførast på utallege måtar, alt frå ”klassiske” bombeåtak og skyteepisodar, som vi har sett eksempel på både i Noreg og i utlandet<sup>69</sup>, til bruk av fly og lastebil.<sup>70</sup> I dei seinare åra ser ein også ein aukande tendens til bruk av Internett til terrorformål, både som eit instrument for planlegging av terrorhandlingar, men også som ei terrorhandling i seg sjølv i form av såkalla ”cyberattacks”.<sup>71</sup>

Måtane ein kan utføre terrorhandlingar på er svært ulike, og ferdigheitene gjerningspersonen må mestre for å kunne utføre dei ulike terrorhandlingane er vidt forskjellige. I den eine situasjonen treng ein praktisk trening, medan det i den andre er viktigare med teoretisk opplæring. I tillegg kan metodane variere frå det heilt kvardagslege til det ekstraordinære.

### 3.2 Metodar eller teknikkar

---

<sup>69</sup> Terroraksjonane i Oslo og på Utøya 22.juli 2011 og til dømes terrorangrepet mot magasinet ”Charlie Hebdo” i Paris 7.januar 2015.

<sup>70</sup> Terrorangrepa i New York 11.september 2001 og Nice 14.juli 2016, er eksempel på dette.

<sup>71</sup> Jf. UNODOC, ”The use of the internett for terrorist purposes”(New York 2012), s. 1-11.

For at opplæringa skal råkast av § 136 bokstav d, må den gå ut på å formidle ”metoder eller teknikker” som er ”særlig egnet” til å ”utføre eller bidra til utførelsen” av ein eller fleire av dei terrorbrottsverka som er lista opp i straffebodet.

I daglegtalet vil orda ”metoder” og ”teknikker” ha eit overlappende meiningshald. Begge refererer til ein måte å gjennomføre noko på, anten dette er av teknisk eller praktisk karakter. Dersom ein fintolkar omgrepa vil ein derimot kunne peike på visse forskjellar. Når ein snakkar om ei metode siktar ein gjerne til korleis ein skal gå fram i eit handlingsforløp, altså kva framgangsmåte ein skal bruke.<sup>72</sup> Ordet ”teknikker” fører derimot tankane hen til meir teknisk og praktisk opplæring, til dømes korleis ein skal lage ei bombe, eller korleis ein brukar ulike typar våpen.

Omgrepa har samla sett eit svært vidt nedslagsfelt, og rårar dei fleste tenkelege måtar ein kan utføre ei straffbar handling på, så vel praktisk som teoretisk. Dette stemmer godt overeins med både dansk rett<sup>73</sup> og forordet til EUs art.8<sup>74</sup>, som seier at det å ta i mot terroropplæring, omfattar både praktisk og teoretisk opplæring. At omgrepa var meint å ramme vidt kjem klart til uttrykk i forarbeida til § 136 bokstav c og d, som seier at ”det er opplæringen, ikke hvilken metoder som brukes til å begå terrorhandlingen, som er det sentrale.”<sup>75</sup>

### **3.3 Egnet til å utføre eller bidra til å utføre**

Det å ta i mot opplæring i terrorrelaterte metodar eller teknikkar er ei førebuingshandling, og er kriminalisert på grunn av si tilknytning til ei framtidig terror- eller terrorrelatert handling. Dette kjem til uttrykk i straffebodet ved å stille opp eit krav om at metoden eller teknikken må

---

<sup>72</sup> Jf. Husabø(2018) s. 221.

<sup>73</sup> Jf. Dansk Borgerlig straffelov §114 d stk.3, jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 22.

<sup>74</sup> Jf. EU-direktiv 2017/541/JHA, forord punkt.11: Det å motta trening for terrorisme ”*includes obtaining knowledge, documentation or practical skills.*”. Dette er også presisert i Tilleggsprotokoll til Europarådets konvensjon om førebygging av terrorisme(2015), art.3.

<sup>75</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 320 og Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

vere ”særlig egnet til å utføre eller bidra til utførelsen av” ei terror-eller terrorrelatert handling.

Ordlyden ”egnet til” gir uttrykk for at metodane må vere nyttig ved utføring av ei av dei straffbare handlingane som straffebodet listar opp.<sup>76</sup> Det er derimot ikkje tilstrekkeleg at metoden eller teknikken er eigna til å utføre kva som helst av dei brotsverka § 136 bokstav d nemner. Forarbeida presiserer at opplæringa, for å vere ”egnet”, må vere nyttig i utføringa av den terrorplanen eleven eller læraren har på tidspunktet for opplæringa.<sup>77</sup> Kravet avgrensar med andre ord mot opplæring som ikkje er nyttig ved gjennomføring av den aktuelle terrorplanen, uavhengig av om opplæringa i og for seg kan vere nyttig i utføringa av andre terrorbrottsverk. Eksempelvis vil det å ta i mot trening i bruk av skytevåpen, som klart vil kunne omfattast av blant anna § 131, falle utanfor verkeområdet til straffebodet dersom terrorplanen til eleven går ut på å gjennomføre eit bombeåtak.

Forarbeida presiserer også at straffbodet råkar lovleg opplæring for å utføre terrorhandlingar, så vel som ulovleg.<sup>78</sup> Det spelar ikkje noko rolle om det er opplæring gjennomført på ein offentleg godkjent skule, eller ved ein ulovleg institusjon. Det er med andre ord ikkje noko krav at læraren gjer noko ulovleg for at eleven skal kunne straffast.<sup>79</sup>

Vidare tilsei formuleringa eigna til å ”utføre eller bidra til utførelsen av”, at alle bidrag, frå dei store til dei små, vert omfatta av straffebodet, jf. ordet ”bidra til”. Straffebodet stiller ikkje krav om at bidraget må vere av nødvendig eller kvalifisert karakter.

Formuleringane ”utføre” og ”utførelsen” legg i tillegg opp til ei avgrensing mot opplæring som berre er eigna til forsøk på utføring av eit terrorbrottsverk. Dette støttast i forarbeida,<sup>80</sup> som seier at ”[o]pplæring i teknikker og metoder som er egnet til forsøkshandlingar, jf. strl. § 16, uten at disse samtidig er egnet til fullbyrdelsen av en terror-eller terrorrelatert handling

---

<sup>76</sup> Sjø meir om dette vilkåret under drøftinga av ”særlig egnet” i kapittel 4.

<sup>77</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 86.

<sup>78</sup> Det same gjeld etter den danske straffelova § 114 d stk.3, jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 22.

<sup>79</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s.27.

<sup>80</sup> Jf. Ot.prp. nr.8(2007–2008) s. 320.

(dvs. at opplæringen bare kan resultere i et utenleg forsøk) er ikke straffbar etter § 136 bokstav c.” Med andre ord er det berre opplæring som er eigna til å utføre fullbyrda terrorbrottsverk som omfattast av straffebodet. Det er derimot uvanleg at ein person med terrorhensikter vel å få opplæring i ei metode eller ein teknikk som ho sjølv ikkje trur vil bidra til eit fullbyrda terrorbrottsverk. Denne avgrensinga vil dermed først vere av tyding ved dei såkalla ”utenlege forsøk”.<sup>81</sup>

### 3.4 Terror eller terrorrelaterte handlingar.

Metoden og teknikken må som sagt relatere seg til eitt av brotsverka som er nemnt i §§ 131, 134, 135 eller §§ 137 til 144.<sup>82</sup> Dei første brotsverka føresegna nemner er terrorhandlingar i § 131. Straffelova § 131 utvidar ikkje området for det straffbare, men viser til allereie eksisterande straffebod som skal reknast som terrorhandlingar dersom dei er utført med terrorhensikt.<sup>83</sup> Paragraf 131 viser til mange av dei andre straffeboda i kap.18, deriblant §§ 138 til 144. Metodar og teknikkar som er eigna til brot på §§ 138-144 vil dermed automatisk også vere eigna til brot på § 131.

Paragraf 138 til 144 i straffelova stiller opp dei ”spesialiserte terrorstraffeboda”.<sup>84</sup> Desse spesialiserte terrorstraffeboda kriminaliserer mange ulikarta handlingar, alt frå terrorbombing (§ 138), kapring av fly og skip (§ 139) til gisseltaking i terroraugemed (§ 143) og angrep på internasjonalt beskytta personar (§ 144). Felles for alle handlingane er at dei typisk er brukt i terrorverksemd, og har eit enormt stort skadepotensiale.

---

<sup>81</sup> Sjø Gröning, Husabø og Jacobsen(2019) s. 377-379, der uteneleg forsøk er definert på denne måten; ”*Utjenlig forsøk er forsøk som ikke kan, eller har svært dårlig forutsetninger, for å føre frem til den ønskede virkningen.*”

<sup>82</sup> Medverknad straffast også, jf. strl. § 15.

<sup>83</sup> Det følger av strl. § 131 andre ledd at ein person har terrorhensikt dersom ho gjennomfører brotsverket i den hensikt å a) alvorleg forstyrre ein funksjon av grunnleggande tyding for samfunnet, b) å skape alvorleg frykt i ei befolkning eller c) urettmessig tvinge offentleg myndigheit eller ein mellom-statleg organisasjon til å gjere, tåle eller unnlate noko av vesentleg tyding.

<sup>84</sup> Uttrykket er brukt av Erling Johannes Husabø i hans bok ”Terrorisme i norsk strafferett” s. 222, og henviser til straffebod som rettar seg mot handlemåtar som typisk er involvert i terrorisme, men som i motsetnad til strl. § 131 ikkje krev terrorhensikt.

I tillegg til brot på §§ 138-144, listar § 131 opp andre straffebare handlingar som skal reknast som terrorhandlingar, dersom dei blir gjennomført med terrorhensikt. Det mest praktiske dømet er drap (Strl. § 275). Det å ta i mot opplæring i metodar eller teknikkar som er ”særlig egnet” til å utføre drap vil dermed kunne straffast etter § 136 bokstav d, dersom treninga er gitt<sup>85</sup> eller mottatt med terrorhensikt.

Det er også straffbart å ta i mot opplæring i metodar som er eigna til brot på strl. § 134(terrorfinansiering) og § 135 (gi terrortruslar), og § 137 (medverknad til unndraging for straffeforfølgning). Men i motsetnad til dei andre terror- eller terrorrelaterte handlingane, er det ikkje lett å sjå for seg metodar og teknikkar som er særleg eigna til å bidra til utføring av desse handlingane. Opplæring til desse terrorrelaterte handlingane framstår langt mindre praktisk.

---

<sup>85</sup> Og eleven har forsett om at opplæringa er gitt med dette for auge.



## 4 ”Særlig egnet”

Som vi såg i punkt 3.3 krev straffebodet at metoden eller teknikken er ”egnet” til å utføre eller bidra til utføringa av læraren eller eleven sin terrorplan.<sup>86</sup> Dette er derimot ikkje tilstrekkeleg for å komme til ansvar etter § 136 bokstav d. Straffebodet stiller i tillegg opp eit krav om at metoden eller teknikken må vere ”*særlig egnet*” til å utføre terrorplanen.

Kva avgrensingar dette ”særlig”-vilkåret faktisk setter på kva metodar eller teknikkar som råkast av straffebodet, er derimot mindre klart. Ordlyden ”særlig egnet” er vag, og gir ikkje heilt eintydige svar. På den eine sida kan den tyde på at metoden eller teknikken må vere spesielt effektiv og/eller nyttig ved utføringa av den terrorhandlinga som eleven har forsett om. Det vil med andre ord ikkje vere tilstrekkeleg at metoden får jobben gjort. På den andre sida kan ordlyden ”særlig egnet til å *utføre*” også tolkast dit at opplæringa må vere spesifikt retta mot korleis ein skal utføre det aktuelle terrorbortsverket.

Straffebodet stiller ikkje opp eksempel på metodar eller teknikkar som er ”særlig egnet”, og gir soleis ingen signal om korleis vilkåret skal forståast. Ein del eksempel kjem derimot fram av forarbeida, som blant anna lister opp skytevåpen og sprengstoff som typiske metodar som er ”særlig egnet” til å utføre terrorhandlingar.<sup>87</sup> Også Europarådskonvensjon 16. Mai 2005 om førebygging av terrorisme (ETS nr.196), som §136 bokstav c bygger på, gir eksempel på metodar og teknikkar som det etter omstende er straffbart å ta imot opplæring i:<sup>88</sup>

Instruction in the making or use of explosives, firearms or other weapons or noxious or hazardous substances, or in other specific methods or techniques, for the purpose of carrying out or contributing to the commission of a terrorist offence, knowing that the skills provided are intended to be used for this purpose.

---

<sup>86</sup> Sjå under punkt 3.3 og kapittel 5.

<sup>87</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 320.

<sup>88</sup> Jf. Europarådskonvensjon 16. Mai 2005 om førebygging av terrorisme (ETS nr.196) art.7.

Alle eksempla i art.7 har til felles at dei har stor evne til å øydelegge, i tillegg til at dei framstår som mindre ”vanlege”. Det er metodar som har sterke valdselement, og der hovudbruksområdet er å påføre skade. Direktivet spesifiserer at også ”other specific methods” rammast. Denne formuleringa er vag, og opnar isolert sett for at ei stor mengde ulike metodar kan rammast. Men når ein les formuleringa i samanheng med resten av eksempla, framstår det mest nærliggande å forstå ordlyden ”other specific methods” slik at også desse metodane må vere innretta på vald og skade.<sup>89</sup>

Lovgivar valde bevisst å ikkje liste opp eksempel på metodar i lovteksta,<sup>90</sup> noko som kan tyde på at lovgivar ikkje ønska at føresegna skulle bli tolka for snevert.<sup>91</sup> Ut over sprengstoff og skytevåpen, nemner forarbeida luftfartøy og skip som eksempel på særleg eigna metodar.<sup>92</sup> I motsetnad til eksempla i art.7 har skip og luftfartøy eit anna dominerande bruksområde enn øydelegging og vald, nemleg transport. Men til tross for at transport er hovudbruksområdet, er det likevel opplagt at eit fly eller eit skip kan ha eit like stort, om ikkje større, skadepotensiale enn dei fleste skytevåpen og bomber, dersom dei blir nytta i terroraugemed. Det har verkelege hendingar vist.<sup>93</sup> Fokuset i norsk rett ser med andre ord ut til å ligg på nytta og effektiviteten til metoden eller teknikken, ikkje på det hovudsaklege bruksområdet. Legg ein til grunn dette ”nytteperspektivet” vil ikkje berre metodar med klare valdselement råkast, men også opplæring i metodar av ikkje skadeleg karakter, som ikkje primært er innretta på å påføre skade. Straffebodet vil dermed omfatte opplæring i kvardagslege metodar eller teknikkar, som til dømes bilkøyning og kjemiopplæring, i tillegg til opplæring i dei meir klassiske terrormetodane som er lista opp i forarbeida og Europarådskonvensjonen art.7.

At forarbeida opnar for at opplæring i metodar av primært ikkje-skadeleg karakter omfattast av straffebodet, medfører at straffeansvaret i slike tilfelle i stor grad vil måtte grunngis i gjerningspersonen sin intensjon, då ein ikkje kan knytte same grad av klander til opplæringa(den ytre handlinga) i seg sjølv. I samanheng med eit forslag om å lovfeste eit

---

<sup>89</sup> Sjø Husabø(2018) s. 224.

<sup>90</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 320.

<sup>91</sup> Jf. Husabø(2018) s. 223.

<sup>92</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 320 og Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

<sup>93</sup> For eksempel terrorangrepet i New York den 11.september 2001.

generelt straffebod om planlegging av terrorhandlingar, uttalte Riksadvokaten seg skeptisk til ei slik totalforskyving frå det objektive til det subjektive.<sup>94</sup> Der presiserer han at ein burde vere svært varsam med å kriminalisere handlingar som kan tenkast å vere ein del av eit terrorforløp, men som like gjerne kan vere harmlause handlingar. Dette meinte han ville leie til at grensene for kva som er straffbart i for stor grad må trekkast på bakgrunn av den enkeltes subjektive innstilling, noko som igjen vil skape ein svært vanskeleg bevissituasjon.<sup>95</sup>

I likskap med riksadvokaten er Professor Erling Johannes Husabø svært skeptisk til ei tolking av § 136 bokstav d som opnar for at straffeansvaret aleine ligg på subjektive forhold. For å avhjelpe dette problemet har han tatt til ordet for ei snever tolking av vilkåret ”særlig egnet” i § 136 bokstav c og d. Denne tolkinga går ut på at opplæring i metodar eller teknikkar som primært har ikkje-skadelege bruksområde, berre rammast dersom sjølve opplæringa er spesifikt retta mot korleis ein kan bruka den til å gjennomføre skade som er typisk for terrorisme.<sup>96</sup> Til dømes må kjemiopplæringa knytte seg spesifikt til det å lage ei bombe for å råkast av straffebodet. Husabø grunngir denne tolkinga i ordlyden ”egnet til å *utføre*”, i tillegg til at ei slik tolking oppfyller Noreg sine plikter etter art.7 i Europarådskonvensjonen frå 2005. Lovgivar uttalte at det ikkje var meininga at den norske regelen skulle gå lenger i kriminaliseringa enn det som er nødvendig for å oppfylle sine plikter,<sup>97</sup> noko som tilseier at lova burde tolkast så snevert som mogeleg.

Den snevre tolkinga av straffebodet som Husabø tek til ordet for er for så vidt i tråd med ordlyden, men stemmer derimot dårlig overeins med eksempelbruken i forarbeida. I forarbeida blir blant anna flygeleiarutdanning nemnt som ei ”særlig egnet” metode for å ta kontroll over eit kontrolltårn.<sup>98</sup> Det er klart at ei flygeleiarutdanning kan vere ein fordel dersom ein ønskjer å ta kontroll over eit kontrolltårn, då det blant anna kan gi tilgang til kontrolltårnet og nødvendig kunnskap om sikkerheitsrutinar på flyplassen eller liknande. Men ei generell flygeleiarutdanning kan neppe seiast å vere spesifikt retta mot å ta kontroll over eit

---

<sup>94</sup> Jf. Torgersen, Runar(2013) s. 130-131.

<sup>95</sup> Jf. Ibid. s.131. Riksadvokaten meinte at det ville medføre nesten ”uoverstigelige vansker å skulle bevise ”terrorforsett” isolert sett”.

<sup>96</sup> Jf. Husabø(2018), s. 224.

<sup>97</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 169.

<sup>98</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 6 og Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

kontrolltårn. Forarbeida ser dermed ut til å legge til grunn eit reint nytteperspektiv også her. Det sentrale er kor nyttig metoden eller teknikken er til å gjennomføre eit terrorbrottsverk, ikkje om den er spesifikt innretta på dette. Dette støttast til ei viss grad også av andre utsegn i forarbeida, der det blir skriva at det er ”opplæring, og ikke de metoder som brukes til å utføre terrorhandlingen, som er det sentrale”.<sup>99</sup>

Men om ein tolkar straffebedet i tråd med forarbeida, og legg til grunn dette ”nytteperspektivet”, vil straffeansvaret i tilfelle av meir kvardagsleg opplæring som sagt støtte seg eine og aleine på det forbryterske forsettet til gjerningspersonen. Dette kan vere, som forskutert av riksadvokaten sine utsegn over, problematisk sett opp mot uskuldspresumsjonen i Grunnlova §96 andre ledd og EMK art.7. Uskuldspresumsjonen går i korte trekk ut på at alle har rett til å bli rekna som uskuldig fram til det motsette er bevist etter lov. Ein føresetnad for at dette skal vere ein realitet, er at lova føreskrive eit bevistema som i praksis er eigna til å skilje mellom skuldig og uskuldig. Den innskrenkande tolkinga knyttar ansvaret til ytre forhold som er lettare å føre bevis for (og mot) enn subjektive forhold, og vil på den måten vere betre eigna til å skilje mellom skuldig og uskuldig enn dersom ein legg forarbeida si tolking til grunn.

Ei slik snever tolking vil også vere meir i tråd med skadefølgjeprinsippet. Som nemnt i punkt 2.2, er kriminaliseringa i § 136 bokstav d grunnlagt i faren for kva eleven kan komme til å ta seg til i forlenginga av opplæringa. Opplæring som er spesifikt innretta på å påføre vald og skade har i seg sjølv eit vesentleg større farepotensiale, og er dermed også i utgangspunktet meir kritikkverdige å la seg lære opp i, enn opplæring utan liknande valdselement.

Det kan også argumenterast for at eleven vil vere betre mentalt rusta til å gjennomføre den tenkte straffbare handlinga dersom opplæringa er spesifikt innretta mot eit terrorbrottsverk. Ein ser snev av ein liknande tankegang i §136a, som kriminaliserer deltaking i terrororganisasjonar, og i forsøksansvaret<sup>100</sup> si lære om ”den psykologiske forskjellen”.<sup>101</sup> I §

---

<sup>99</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 320; ”Straffeansvaret begrenses imidlertid ved at bestemmelsen stiller krav om subjektivt overskudd”.

<sup>100</sup> Jf. Strl. § 16.

136a er det stilt opp eit ”terskelkriterium”, som seier at terrororganisasjonen ”må ha tatt skritt for å gjennomføre formålet med ulovlege midler” for at deltaking i organisasjonen skal vere straffbar. Lovgivar si grunngeving for terskelkriteriet var eit ønskje om å ramme dei organisasjonane som faktisk var kapabel og villige til å utføre terrorisme.<sup>102</sup> Tanken er at når ein allereie har gjort noko ulovleg er terskelen lågare for å gjere det igjen. I eit tilfelle der det er tale om opplæring i handlingar som er kvardagslege, og som ikkje er spesifikt retta mot terrorbrotsverket, har ikkje gjerningspersonen fått ”testa” den forbryterske viljen. Det er stor forskjell på det å ta imot opplæring i heilt kvardagslege ferdigheiter, som til dømes å køyre ein bil, og det å bruke denne ferdigheita til å gjennomføre alvorlege terrorbrotsverk. Dei mentale sperrene eleven må over er i eit slikt tilfelle enorme. Det er derimot nærliggande å anta at dei mentale sperrene er mindre der eleven har mottatt terrorspesifikk opplæring, då denne typen opplæringa i seg sjølv har større innslag av vald, samtidig som den ser fram mot ei konkret terrorhandling.

Ei anna viktig side av skadefølgjeprinsippet blir framheva av departementet i Ot.prp. nr. 90 (2003–2004):<sup>103</sup>

[E]n konsekvens av skadefølgjeprinsippet er at en psykisk innstilling, dvs. Planer eller et ønske om å begå straffbare handlinger, ikke alene kan danne grunnlag for straffansvar, selv ikke om planene er av utpreget kriminelt slag. I tillegg til subjektiv skyld må det kreves at det er foretatt en handling som viser at ønsket om å begå en straffbar handling ikke bare er tankespinn, men at det er en reell fare for skade i den ytre verden som gjerningspersonen deler med andre.

Dersom ein ikkje stiller opp eit ”spesifikasjonskrav”, vil straffbar opplæring i daglegdagse metodar eller teknikkar objektivt ikkje skilje seg frå heilt legitim opplæring. Det vil ikkje føreligge nokon ytre haldepunkt eller signal om at opplæringa skal nyttast til skadeleg

---

<sup>101</sup> I følge Andenæs mfl.(2016) s. 351 og NOU 1992: 23 s. 82, refererer ”den psykologiske forskjellen” til den terskelen ”de fleste” vil måtte passere for å gå vidare frå dei handlingar som er gjort, til å fullbyrde brotsverket.

<sup>102</sup> Jf. Prop.131 L (2012–2013) s. 35.

<sup>103</sup> Jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 89.

verksemd. Er opplæringa derimot spesifikt retta mot gjennomføring av ei terrorhandling, peikar den ytre handlinga mot dette brotsverket, noko som igjen gir signal utad om at eleven faktisk ønskjer å utføre ei terrorhandling.

I forlenginga av dette presiserer forarbeida at ein ved kriminalisering av førebuingshandlingar i størst mogleg grad bør rette seg mot førebuingshandlingar som i det ytre ber preg av å vere nettopp det, og som ikkje kan forvekslast med førebuing til lovlige gjeremål.<sup>104</sup> Til meir spesifikk opplæringa er, til meir ber den preg av å vere terrorrelatert førebuing, og ikkje noko anna. I tillegg vil opplæring som er spesifikt retta mot utføring av skadevoldande handlingar ha få andre fornuftige formål. Til dømes vil ei generell kjemiopplæring kunne vere nyttig til ei mengde legitime gjeremål og arbeidsoppgåver, medan kjemiopplæring som er spesifikt innretta på å lage ei bombe har få andre praktiske og fornuftige formål enn å påføre skade. Det vil normalt vere meir klanderverdig, og dermed også meir straffverdig,<sup>105</sup> å ta i mot opplæring av denne typen.<sup>106</sup>

Avslutningsvis kan det også framhevast at spesifikasjonskravet vil vere meir i tråd med omsynet til rettsvisse. Opplæring er noko samfunnet gjerne er positive til, og ofte til og med oppfordrar sine borgarar til. Dersom det straffbare i tillegg er avgjort på bakgrunn av elevens indre motivasjon aleine, er det svært utfordrande for eleven å forstå kor grensa går for straffbar opplæring. Dersom ein tolkar ”særleg egnet”-vilkåret snevert vil ein i større grad knytte ansvaret til ytre konstaterbare forhold, noko som vil gjere det lettare for eleven å forutsjå si rettsstilling.

Til tross for at eksempelbruken i forarbeida talar for ei vid tolking av straffebodet, talar dei andre rettskjeldene samla sett for at vilkåret ”særleg egnet”, i tilfelle av primært ikkje-skadelege metodar eller teknikkar, må tolkast slik at straffebodet berre rårar metodar eller

---

<sup>104</sup> Jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s.105.

<sup>105</sup> Sjå Gröning, Husabø og Jacobsen(2019) s.694-695, som presiserer at ei handling si straffverdigheit er nært kobla til skyldprinsippet, og den graden av klander gjerningspersonen har utvist.

<sup>106</sup> Sjå også Asp(2005) s. 127-128, der den svenske rettstenkaren Petter Asp trekk fram dette momentet som eit argument for å kriminalisere førebuingshandlingar.

teknikkar som er spesifikt innretta på å påføre slik skade som kjenneteiknar terrorbrottsverk. Utan ei slik tolking av vilkåret vil myndigheitene kunne straffe eleven på reint preventiv grunnlag, noko som strid med sentrale strafferettslige prinsipp som mellom anna skadefølgjeprinsippet og skuldprinsippet.<sup>107</sup>

---

<sup>107</sup> Sjø Husabø(2018) s. 301, som går så langt som å seie at ein i ein slik situasjon ikkje lenger kan legitimere regelen som "strafferett", då det ikkje er ein reaksjon på noko gjerningspersonen har gjort.

# 5 Kort om kravet til vidaregåande forsett

## 5.1 Innleiing

I tillegg til at eleven må ha forsett om alle gjerningselementa i straffebodet,<sup>108</sup> stiller straffebodet krav om vidaregåande forsett. Dette vidaregåande forsettet kan bli oppfylt på to måtar: Anten kan gjerningspersonen ha forsett om 1) å sjølv bruke kunnskapen til å utføre terrorhandlingar, eller 2) at dette er læraren sitt føremål med å gi den aktuelle opplæringa. Det er tilstrekkeleg at eitt av dei to vidaregåande forsetta føreligg.

Kravet om eit vidaregåande forsett har bakgrunn i at mange av dei teknikkane og metodane som blir råka av § 136 bokstav d er av daglegdags karakter, samstundes som dei har eit heilt opplagt skadepotensiale. Til dømes vil ”alle” som tek sertifikatet til eit motorisert køyretøy, enten det er ein bil eller eit fly, vere klar over dei øydeleggande eigenskapane dette køyretøyet kan ha dersom det blir nytta på ein bestemt måte. Å ha forsett om at køyretøyet er ”særleg egnet” til å gjennomføre ei terrorhandling er dermed openbart ikkje tilstrekkeleg til å avgrense straffansvaret til dei tilfella der opplæringa er straffverdig. Det er først der eleven også har eit vidaregåande forsett på opplæringstidspunktet at det å ta i mot opplæringa er så klanderverdig og får eit så stort farepotensiale, at ei kriminalisering kan rettferdiggjera.<sup>109</sup>

## 5.2 Eleven har terrorhensikt

Det første forsettsalternativet går ut på at eleven sjølv må ha hatt ”forsett om å bruke ferdighetene” til å begå terror- eller terrorrelaterte brotsverk. Dette alternativet siktar til eleven sin vidaregåande intensjon med opplæringa, altså kva tankar eleven har hatt bak opplæringa.

---

<sup>108</sup> Jf. Strl. § 21, jf. § 22.

<sup>109</sup> Jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 320 og Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.



Sidan alternativet knytter seg til eleven sine egne tankar, er hensikt<sup>110</sup> den aktuelle forsettsforma.

I motsetning til det andre alternativet knytter dette forsettskravet seg aleine til eleven sine tankar om opplæringa. Læraren sine hensikter er heilt irrelevant, og ho kan like gjerne vere heilt uvitande om kva kunnskapen ho vidarefører til eleven skal bli brukt til.

### 5.3 Eleven har forsett om læraren si terrorhensikt

Det andre forsettsalternativet får ut på at eleven må ha ”forsett” om at ”opplæringen gis med dette for øyet.”. Ordlyden ”med dette for øyet” viser tilbake til dei terrorbrotsverka som opplæringa er ”særlig egnet” til å gjennomføre, og gir uttrykk for at læraren må ha hatt formål(hensikt) om at opplæringa skal bli brukt til å utføre slike terrorbrotsverk. Dersom læraren har hatt terrorhensikt ved opplæringa, er det tilstrekkeleg at eleven har *forsett* om at dette er læraren si hensikt. Det er med andre ord tilstrekkeleg at eleven har hatt sannsynsforsett eller eventuelt forsett<sup>111</sup> om læraren sine terrorhensikter, for at opplæringa skal råkast av straffebodet. Det er ikkje nødvendig at eleven sjølv har noko som helst slags formål om å nytte opplæringa til å utføre terrorhandlingar.

---

<sup>110</sup> Jf. Strl. §22 bokstav a. Hensikt er ei kvalifisert form for forsett, og blir av Gröning, Husabø og Jacobsen(2019) s.227, forklart slik; ”[Hensikt] innebærer typisk sett at man anstrenger seg for å nå et bestemt mål som man ser for seg at man skal klare å realisere”.

<sup>111</sup> Jf. Strl. jf. §22 b og c.

## 6 Forholdet til menneskerettane

### 6.1 Utfordringar og avgrensingar

Staten kan ikkje straffe ein som utøver sine konstitusjons-og konvensjonsfesta menneskerettar, og § 136 bokstav d må difor tolkast i samsvar med menneskerettane.<sup>112</sup> Menneskerettane er nedfelt i Grunnlova kap. E, men kjem også fram av konvensjonar som Noreg har bunde seg til og gjort til norsk lov. Særleg sentral i denne sammenheng er den Europeiske menneskerettskonvensjonen(EMK) av 4.november 1950, som blei inkorporert i norsk lov i 1999 gjennom menneskerettslova<sup>113</sup> §2. Ved motstrid mellom menneskerettane og eit straffebod, skal menneskerettane gå framfor norsk lov, jf. Menneskerettslova §3.

Det er fleire menneskerettar er av tyding ved tolking av eit straffebod som kriminaliserer det å ta i mot opplæring. Ein av desse rettighetene er uskuldspresumsjonen, som er sikra i både Grunnlova § 96 andre ledd og EMK art.6 andre ledd. Dersom ein kuttar ned på krava til den ytre handlinga, noko ein gjer ved kriminalisering av lovleg og kvardagsleg opplæring, står ein igjen med gjerningspersonen sin bakenforliggende motivasjon.<sup>114</sup> Det er vanskeleg å føre bevis mot eller for den mistenkte sin motivasjon, og bevisføringa er meir usikker til meir straffeaansvaret bygger på slike subjektive forhold. At det kan vere utfordrande å føre bevis for si eiga uskuld kan gjere det vanskeleg for borgaren å ”beskytte seg” mot mistanke. Dette aktualiserer prinsippet om at rimeleg tvil skal komme tiltalte til gode, som er ein viktig del av uskuldsprinsippet.<sup>115</sup> I tillegg er det hevda i juridisk teori at ein slik vanskeleg bevissituasjon kan føre til at påtalemakta tek i bruk bevis som normalt ikkje vil ha særleg plass i bevisføringa, som til dømes gjerningspersonen sin omgangskrins, tidligare kriminalitet,

---

<sup>112</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s.28.

<sup>113</sup> Lov 21.mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (Menneskerettslova – Mrl).

<sup>114</sup> Dette blir til ei viss grad avhjelpt av den innskrenkande tolkinga av vilkåret ”særleg egnet” eg tek til ordet for i kapittel 4.

<sup>115</sup> Jf. Husabø(2003) s. 104.

etnisitet og religiøs tilhøyring.<sup>116</sup> Om bevissituasjonen i det heile tatt gjer det mogeleg å straffeforfølgje den mistenkte, kan den i verste fall auke risikoen for feilaktige dommar.<sup>117</sup>

Eit straffebod som i stor grad knytt straffeansvaret til subjektiv skuld aukar ikkje berre mogelegheita for feilaktig domfelling, men opnar også for ein streng kontroll med den enkeltes private sfære i form av utvida tilgang til bruk av skjulte tvangsmiddel.<sup>118</sup> Dette kan komme i konflikt med retten til privatlivet, som er sikra i Grl. § 102 og EMK art.8. Eit relevant eksempel på forholdet mellom kriminalisering av opplæring og retten til privatliv, finn vi i Storbritannia, i ”The Nottingham two”-saken.<sup>119</sup> I denne saken blei ein student og ein tilsett ved universitet i Nottingham arrestert for mistanke om terror, på grunn av at dei hadde lasta ned ein Al-Qaida treningsmanual. Begge blei lauslatt etter ei veke utan å bli tiltalt, då det blei klart at dei hadde lasta ned materialet til bruk i fagleg samanheng. Til tross for at begge blei lauslatt, demonstrerer dei seks dagane i arresten kor stort rom politimyndigheitene har til å gripe inn i borgarane sine fridomar ved ei slik vid kriminalisering.<sup>120</sup>

Til tross for at ei kriminalisering av opplæring kan vere problematisk sett opp i mot sentrale menneskerettar som uskuldspresumsjonen og retten til privatliv, er den klaraste menneskerettskonflikten med retten til yringsfridom. Det å ta imot og vidareføre kunnskap er heilt i kjernen av det yringsfridomen er meint å verne, og oppgåva vil difor fokusere på straffebodet sitt forhold til yringsfridomen, og korleis retten spelar inn på tolkinga av straffebodet.

---

<sup>116</sup> Jf. Jacobsen(2009) s. 391. Når få bevis kan utleiast frå den ytre handlinga, kan miljøet rundt den mistenkte bli brukt som indikasjon på hennar motiv.

<sup>117</sup> Problemet med feilaktig domfelling blir derimot til ei viss grad avhjelpet av bevisreglane; Det følgjer av langvarig og samstemt praksis frå Høgsterett at domstolen, for å kunne straffe, må finn det ”bevist utover enhver rimelig tvil” at gjerningspersonen er skyldig. Men den auka risikoen er der framleis.

<sup>118</sup> Jf. Straffeprosesslova sin fjerde del.

<sup>119</sup> Jf. Lippsett, Anthea, ”The Nottingham two”, *The Guardian*, 16.mai 2008.

<sup>120</sup> Uskulde vil i ein slik situasjon i stor grad måtte stole på ein rettferdig tiltale meir enn formelle rettstryggleiksgarantiar for å sikre sine rettar.

## 6.2 Ytringsfridom

### 6.2.1 Innleiing

Ytringsfridom er ei heilt sentral rettigheit i eit demokratisk samfunn, og er i norsk rett sikra både i Grunnlova § 100 og i EMK art.10.

Ordet ytringsfridom blir gjerne brukt om retten til å fritt kunne ytre seg om det ein ønskjer, utan at det får rettslege konsekvensar. Det er derimot klart at ytringsfridommen ikkje berre vernar det å kunne ytre seg, men også det å ta i mot opplysningar. Dette kjem uttrykkelig fram av ordlyden i EMK art.10<sup>121</sup>, og Grunnlova må tolkast tilsvarande.<sup>122</sup> Retten til å ta i mot informasjon utan inngrep frå offentlig myndigheit er, på linje med det å fritt kunne ytre si meining, heilt avgjerande for eit godt fungerande demokrati. For å kunne etablere og utvikle egne meiningar om viktige spørsmål må ein vere fri til å ta i mot informasjon og kunnskap. Eit straffebod som rammar det å ta i mot opplæring vil difor utgjere eit inngrep i ytringsfridomen, jf. Grl.§100 og EMK art. 10 første ledd.<sup>123</sup>

At straffbodet gjer eit innhugg i retten til ytringsfridom er derimot ikkje i seg sjølv einstyddande med brot. Ytringsfridommen er ikkje ei absolutt rettigheit, og lovgivar kan gjere inngrep på nærmare vilkår, jf. Grl. §100 andre ledd og EMK art.10 andre ledd.

Grunnlova §100 andre ledd fastslår at det kan gjerast inngrep dersom dette ”lar seg forsvare halde opp imot den grunngevinga ytringsfridommen har i sanningssøking, demokrati og den frie meiningsdanninga til individet”. I EMK art.10 andre ledd er det presisert at inngrep må

---

<sup>121</sup> EMK art.10 sier blant annet at retten skal omfatte ”frihet til å (...) motta og meddele opplysninger og ideer”.

<sup>122</sup> Jf. Dok. nr.16 (2011–2012) s. 159-163.

<sup>123</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s.28.

vere ”nødvendig i eit demokratisk samfunn”. Grunntanken bak retten til ytringsfridom er, som presisert innleiingsvis i dette kapitlet, å legge til rette for eit godt fungerande demokrati. Det er viktig at samfunnet respekterer og gir rom for borgaren til å ta i mot kunnskap og reflektere over denne. For å kunne forsvare avgrensingar i ytringsfridomen som ”nødvendig” eller opp i mot den ”frie meiningsdanninga” må ein kunne forankre kriminaliseringa i faren for andre sentrale retts gode, som blant anna liv, helse og tryggleik.<sup>124</sup> Tanken er at samfunnets mest verneverdige interesse skal beskyttast til ei kvar tid.<sup>125</sup> Sidan ytringsfridomen er ei sentral og viktig rettighet, må faren som opplæringa utgjør for andre retts gode som til dømes liv, helse og tryggleik, vere stor for å kunne rettferdiggjere eit inngrep.

Forholdet til menneskerettane blei vurdert av lovgivar ved utforming og lovfesting av strl.§136 bokstav d. Lovgivar la til grunn at det ikkje førelåg ei konflikt mellom ytringsfridommen og bokstav d, og grunn gav det på same måte som for bokstav c.<sup>126</sup> Det blei presisert at det å ta i mot opplæring nok er eit meir indirekte bidrag til terrorisme enn det å gi opplæring, men lovgivar meinte likevel at ”det å lære å utføre terrorhandlingar når man har bestemt seg for å begå en terrorhandling, vil være en kvalifisert forberedelse til en straffbar handling som kan ha et meget stort fare-og skadepotensiale. (...) Behovet for å gripe inn før det er for sent, talar for at inngrepet er nødvendig”.<sup>127</sup>

Til tross for at det å gi opplæring og det å ta i mot opplæring er nært kopla til kvarandre, er det store skilnadar på dei to handlingane. Når ein lærar har gjennomført opplæringa, har ho vanlegvis ikkje lenger kontroll over kva mottakaren av informasjonen brukar den til. Det same er ikkje tilfelle for den som tek imot opplæring. Eleven vil ha full kontroll over kva ho vel å bruke kunnskapen til heilt fram til ho eventuelt vel å ta den i bruk eller vidareføre den på nytt. Dette gjer elevsituasjonen ganske annleis enn lærarsituasjonen – Særleg der det er tale om opplæring i metodar eller teknikkar som primært har ikkje-skadelege bruksområder, då det i eit slikt tilfelle ikkje kan knyttast same graden av fare og klander til sjølv opplæringa.

---

<sup>124</sup> I EMK art.10 andre punktum er blant anna omsyna til ”offentlig trygghet” og ”helse eller moral” lista opp som relevante retts gode som kan forsvare inngrep.

<sup>125</sup> Både skuldprinsippet og skadefølgjeprinsippet bygger på dette utgangspunktet.

<sup>126</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 28, jf. Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) s. 160-162.

<sup>127</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 28.

Sidan eleven vil ha kontroll med kva ho skal nytte kunnskapen til vil ho like gjerne kunne bruke kunnskapen til legitime formål, til dømes sjølvforsvar,<sup>128</sup> som til å gjennomføre terrorhandlingar. Det einaste som skil gjerningspersonen frå dei andre deltakarane i ein slik situasjon, er det vidaregåande forsettet på opplæringstidspunktet. Spørsmålet som reiser seg er då om kravet til vidaregåande forsett er tilstrekkeleg til at handlemåten blir så farleg og kritikkverdig at kriminalisering av metodar og tekniskar som primært har ikkje-skadeleg bruksmåtar, kan forsvarast sett opp mot Grunnlova og EMK.

Det er to alternative måtar å oppfylle kravet til vidaregåande forsett – anten kan ein sjølv ha terrorhensikt, eller så kan ein ha forsett om at læraren har det.<sup>129</sup> Ut i frå dette kan det oppstå tre typetilfelle: Anten har eleven 1) begge formene for subjektivt overskot, 2) forsett om læraren si terrorhensikt, utan sjølv å ha slike hensikter, eller 3) terrorhensikt, og forsett om at læraren er uvitande om dette.

Vidare vil oppgåva vurdere straffebodet sitt forholdet til yringsfridommen ut i frå desse tre typetilfella.

## 6.2.2 Begge formene for ytterlegare forsett føreligg

I dette typetilfelle har både læraren og eleven ha hensikt om at opplæringa skal brukast til å utføre terrorhandlingar. Dette rammar den klassisk terrortreningsleir-situasjonen, som var mykje av bakgrunnen for kriminaliseringa av det å ta imot opplæring.<sup>130</sup>

---

<sup>128</sup> Eit eksempel på at ”eleven” berre hadde til hensikt å bruke lærdommen til sjølvforsvar, finn vi i tysk rett i BGH dom 27.10.15, 3 StR 218/15. I denne dommen blei ei kvinne frikjent frå tiltale om brot på § 89 StGB, som kriminaliserer det å ta i mot terroropplæring. Kvinna hadde reist til Syria for å gifte seg med ein mann som ho visste sympatiserte med diverse terrorgrupperingar, og hadde etterkvart tatt imot våpenopplæring frå ektemannen. Spørsmålet i saken var om dette var terrorrelatert trening som kunne straffast etter § 89 StGB. Domstolen kom til at kvinna hadde mottatt treninga til bruk i sjølvforsvar, og tilfelle falt difor utanfor verkeområdet til § 89 StGB.

<sup>129</sup> Sjå meir om vidaregåande forsett i punkt 5.2 og 5.3.

<sup>130</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

Der både eleven og læraren har til formål å nytte opplæringa til å utføre terrorbrottsverk, vil det normalt skje ein viss kommunikasjon mellom læraren og eleven om og rundt terrorplanane. I ein slik situasjon vil eleven og læraren kunne skape eit form for fellesskap seg imellom, og har av denne grunn visse likskapstrekk med det å inngå forbund.<sup>131132</sup> Noko av bakgrunnen for å kriminalisere forbund er at det i ein slik avtalesituasjon blir skapt ei kollektiv intern binding og ein ekstra motivasjon til å gjennomføre handlinga hos kvar enkelt deltakar. Dette medfører igjen at opplæringa blir farlegare og vanskelegare å kontrollere, enn dersom det var ein person aleine som førebudde ei terrorhandling.<sup>133</sup> Den svenske rettstenkaren Asp skriv at det i ein slik situasjon blir skapt ”socialt tryck”.<sup>134</sup> Tanken er at når fleire personar jobbar mot noko i fellesskap aukar forventningane og engasjementet rundt aktiviteten, noko som gjer det ”svårare [for den enkelte deltakaren] att låta prosjektet rinna ut i sanden”.<sup>135</sup> Til tross for at avtalekomponenten manglar ved opplæring etter § 136 bokstav d, vil ein ved gjensidig kommunikasjon om terrorformålet og terrorplanane skape eit liknande fellesskap(”socialt tryck”) mellom deltakarane, som igjen kan vere med på å auke deira motivasjon og vilje til å gjennomføre det planlagde terrorbrottsverket.

I ein slik situasjonen vil både eleven og læraren kunne påverke kvarandre, og eventuelt andre deltakarar i undervisninga, negativt. Denne påverknaden er ukontrollert, og faren for viktige rettsgodar som blant anna liv, helse og samfunnsordenen, såpass stor, at ei kriminalisering let seg forsvare som nødvendig etter Grunnlova § 100 og EMK art.10.

---

<sup>131</sup> Jf. Ot.prp. nr. 64 (1998–1999) s. 143; ”Å inngå forbund vil si at to eller flere personer inngår en avtale om å begå forbrytelsen”.

<sup>132</sup> Sjø Husabø(2018) s. 228.

<sup>133</sup> Jf. Gröning, Husabø og Jacobsen(2019) s. 385.

<sup>134</sup> Jf. Asp(2005) s. 131.

<sup>135</sup> Jf. Ibid s. 131.

### 6.2.3 Eleven har forsett om læraren sitt terrorformål

Etter dette alternativet er det avgjerande at læraren har hatt hensikt om at eleven skal nytte kunnskapen til å gjennomføre, eller hjelpe nokon ved gjennomføringa av ei terror-eller terrorrelaterte handling, og at eleven hadde forsett om læraren si hensikt.<sup>136</sup> Ein straffeforfølgjer altså eleven til tross for at ho på tidspunktet for opplæring ikkje har hatt noko formål om å nytte kunnskapen til å gjennomføre skadelege handlingar.

Ved fyste augekast framstår det problematisk å straffe eleven for å ta imot opplæring, sjølv om ho på opplæringstidspunktet ikkje hadde til hensikt å bruke kunnskapen til å utføre terrorbrottsverk – særleg der eleven har tatt i mot opplæring i meir kvardagslege metodar.<sup>137</sup> Skuldprinsippet er ein berebjelke i norsk strafferett.<sup>138</sup> Dette prinsippet inneberer at ein berre skal straffe den som kunne og burde ha handla annleis og difor kan klandrast.<sup>139</sup> Ein direkte konsekvens av dette er at ein ikkje kan straffe nokon for andre sine handlingar eller holdningar. Eleven kan dermed ikkje straffast aleine på grunn av at læraren har farlege og klanderverdige hensikter. Ein må kunne identifisere noko klanderverdig og farleg med det eleven sjølv har gjort for at opplæringa skal kunne straffast.

Til tross for at eleven i denne situasjonen ikkje sjølv har terrorplanar, og på det punktet ikkje kan klandrast, har ho utsatt seg sjølv for påverknad frå ein lærar ho veit eller antar har terrorhensikter. Normalt er det opp til ein sjølv å bestemme kven ein ønskjer å assosiere seg med, uavhengig av om dette frå samfunnet si side er rekna som ”dårleg selskap”. Men ein del av grunngevinga bak § 136 bokstav d er faren for radikaliserings av personar som tek del i terroropplæring.<sup>140</sup> Menneske blir lett forma og påverka av dei personane dei brukar tid saman med, særleg autoritetsfigurar som blant anna lærarar. At ein lærar med terrorhensikt påverkar elevar, og i verste fall vidarefører sitt syn til dei, utgjer ein betydeleg risiko. Det er svært klanderverdig av ei elev å i det heile tatt utsette seg sjølv for ein slik risiko.

<sup>136</sup> Sjå meir om forsett i punkt 5.1.1.

<sup>137</sup> Dette blir til ei viss grad avhjulpet av den innskrenkande tolkinga som eg tek til ordet for i kapittel 4.

<sup>138</sup> Jf. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 11.

<sup>139</sup> Jf. Gröning, Husabø og Jacobsen(2019) s. 48-49.

<sup>140</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.



I tillegg til at eleven utsett seg sjølv for ein ukontrollert risiko, vil ho ved si deltaking kunne vere med på styrke læraren si terrorhensikt. Deltaking i opplæring, uavhengig av formålet, kan framstå som ei form for indirekte støtte av opplæringa (og det som blir formidla), og skape ein illusjon av eit fellesskap. Dette kan igjen vere med å auke læraren, og eventuelt andre deltakarane i undervisinga, sin motivasjon og vilje til å utføre terrorbrottsverk.<sup>141</sup> Dette gjer opplæringa vesentleg farlegare, og enda meir kritikkverdig av eleven å ta i mot.<sup>142</sup>

Sjølv om eleven kan kritiseras for å ta i mot opplæring i ein slik situasjon, er det ikkje uproblematisk at det er tilstrekkeleg for straffeansvar at eleven hadde sannsynsforsett eller eventuelt forsett om læraren sine terrorplanane. Eit eksempel frå Storbritannia er illustrerende. I 2006 blei det i Storbritannia introdusert eit straffebod som kriminaliserte det å gi opplæring, dersom læraren ”knows or *suspects*” at opplæringa skal nyttast i terroraugemed.<sup>143</sup> Dette straffebodet møtte massiv kritikk for å ha eit alt for vidt nedslagsfelt.<sup>144</sup> Ein del av kritikken gjekk ut på at ein med ei slik regulering sett lærarane i ”the impossible role of moral gatekeeper” – altså at den nemnte regelen tvingar privatpersonar, i denne samanheng ein lærar, til ikkje berre å passe på sin eigen oppførsel, men også andre sin.<sup>145</sup><sup>146</sup> Kritikarane meinte at kriminaliseringa utgjorde eit uproporsjonalt inngrep i den akademisk fridommen, då det førte til at læraren eller bibliotekaren måtte vere svært påpasseleg med kva ho gav opplæring i, og til kven. Liknande kritikk kan til ei viss grad gjerast gjeldande også overfor strl. § 136 bokstav d, då dette straffebodet også vil tvinge eleven til å ha eit aktivt forhold til kven ho tek imot kunnskap frå, og kva ein tek i mot opplæring i.

Som ein ser frå drøftinga over, er det betydeleg vanskelegare å forsvare ei kriminalisering der berre læraren har terrorplanar, enn der både eleven og læraren har slike farlege hensikter.

---

<sup>141</sup> Sjå meir om dette i punkt 6.2.2.

<sup>142</sup> Men på den andre sida kunne dette like gjerne blitt ramma som medverknad til å gi opplæring, jf. strl. § 15.

<sup>143</sup> Jf. UK terrorism act 2006 section 6.

<sup>144</sup> Jf. Curtis, Polly og Taylor, Matthew, ”Law-breakers in the Library” *The Guardian* 8. november 2005, og Murphy (2012) s. 72-73.

<sup>145</sup> Murphy (2012) s. 72-73; Læraren blir ”forced to police their own behaviour and that of others”.

<sup>146</sup> Jf. Ibid s. 72-73; Murphy skriv at det er ein aukande tendens ”post- 11. September” at myndighetene brukar private aktørar for å forhindre terrorhandlingar.

Normalt må ein person få vere fri til å velje kven dei ønskjer å bruke tid saman med, utan at dette kan medføre så alvorlege konsekvensar som straff. Men samstundes er det kritikkverdig at eleven har satt seg i ein situasjon der ho kan bli påverka av ein person ho veit eller antar har terrorhensikter, då dette kan ha upårekna konsekvensar. Det føreligg som regel fleire måtar å ta i mot, og fleire aktørar som tilbyr, tilsvarande opplæring, og det er då unødvendig av eleven å velje og ta i mot opplæring frå ein ho trur sit med terrorplanar. På bakgrunn av denne (ukontrollerte) risikoen, i tillegg til at terrorhandlingar utgjer ei stor fare for sentrale retts gode, kan kriminaliseringa nok forsvarast sett opp i mot ytringsfridomen si grunngeving i Grunnlova § 100 og EMK art.10 andre ledd.

#### **6.2.4 Eleven har terrorforsett, læraren er uvitande**

I denne situasjonen er det eleven som har til hensikt å bruke opplæringa til å utføre terrorbrottsverk, medan læraren er uvitande om dette, noko eleven har forsett om. Her ligg med andre ord all vekt på eleven sine egne tankar og formål med opplæringa.

Ved første augekast verkar det fornuftig å straffe ein elev som på tidspunktet for opplæringa har planar om å nytte opplæringa til å utføre terrorbrottsverk. Isolert sett framstår det farlegare å gi relevant opplæring til ein person som har terrorhensikter, enn til ein som ikkje har dette. Ein vil eksempelvis gjerne tenke at det er farlegare å gi ein kniv til ein person som har til hensikt å drepe nokon, enn ein som ikkje har det.

Men i motsetnad til i dei to andre situasjonane, har det i dette typetilfellet ikkje oppstått noko form for fellesskap mellom læraren og eleven. Eleven har ikkje utsett seg sjølv for påverknad frå ein lærar med farlege hensikter, og læraren er dermed ikkje med på å skape eller styrke eleven sitt terrorforsett, eller vice versa. Det føreligg med andre ord inga fare for radikaliserings av eleven eller læraren i ein slik situasjon. Ein heilt sentral årsak bak

kriminaliseringa fell dermed bort.<sup>147</sup> Når ein tek bort dette ukontrollerte risikoelementet, er straffeansvaret aleine grunnlagt i eleven sine egne tankar.

Forarbeida presiserer at det farlege med opplæringa er at ”det ikke behøver (...) gjenstå noe før mottakeren er i stand til å begå en terrorhandling”.<sup>148</sup> Dette er nok i mange tilfelle sant, men det kan vanskeleg aleine grunnlag eit inngrep i ytringsfridomen.<sup>149</sup> Det er no faktisk slik at ein person ikkje treng nærare opplæring for å utføre mange former for terrorbrottsverk, til dømes der ein tek i bruk kvardagslege verkemiddel som bil eller kniv.<sup>150</sup> Heller ikkje bruk av ulike typar skytevåpen krev særleg trening, og vil kunne nyttast til å utføre terrorbrottsverk utan at gjerningspersonen i forkant søker opplæring frå ein annan. I tillegg vil ein person med terrorforsett på opplæringstidspunktet ha like mykje kontroll over kva opplæringa skal nyttast til som dei andre som deltek i undervisninga. Sagt på ein annan måte vil eleven med terrorhensikt ha like stort rom til å ombestemme seg som alle andre som tek i mot tilsvarende opplæring.

Dersom ein kriminaliserer opplæring i primært ikkje-skadeleg metodar berre på bakgrunn av eleven sine terrorplanar, gir ein ikkje eleven noko tillit eller fridom til å ta egne sjølvstendige(og gode) val. Straff må i utgangspunktet forankrast i noko gjerningspersonen har gjort, og som utgjør ei fare for viktige rettsgodar. Tanken skal vere fri. Ei slik kriminaliseringa, som ikkje gir eleven fridom til å tenke eller ta egne avgjersle, vil utgjøre eit uproporsjonalt innhugg i den ”fri meiningsdanning” til individet, sett opp i mot den faren opplæringa utgjør for andre viktige rettsgodar. Til tross for at det vil stride med det som er klart føresatt i forarbeida, bør straffebodet på dette punktet difor tolkast innskrenkande i lys av ytringsfridomen, jf. Grunnlova §100 og EMK art.10.

---

<sup>147</sup> Jf. Prop. 131 L (2012–2013) s. 27.

<sup>148</sup> Jf. Ibid. s. 28.

<sup>149</sup> Jf. Husabø(2018) s. 227.

<sup>150</sup> Eit par eksempel på dette er terrorhandlingane i Nice(2016) og Stockholm(2017), der gjerningspersonane brukte lastebilar til å køyre inn i folkemengder.

## 6.2.5 Avsluttande kommentar om forholdet til menneskerettane

Drøftinga ovanfor viser at lovgivar i forarbeida underspelar både forskjellen mellom lærar og elev-situasjonen, og mellom dei ulike typetilfella som kan oppstå (alt etter kva forsett ein har). Fare-og skadepotensialet er langt i frå likt ved alle forsettsformene, då fellesskapet mellom lærar og elev er fråverande der læraren ikkje sjølv har terrorplanar eller kunnskap om elevens terrorhensikt. Det er fyrst i dei tilfella begge forsettsformene føreligg at opplæringa verkeleg utgjer ein trussel, då det i slike tilfelle blir skapt eit fellesskap, viljebindingar og ein auka gjennomføringsvilje blant deltakarane. Det var også desse situasjonane lovgivar og EU såg for seg då dei valde å kriminalisere det å gi og det å ta imot terrorrelevant opplæring.

I dei to andre tilfella er det betydeleg vanskelegare å forsvare kriminaliseringa opp imot ytringsfridomen, då kriminaliseringa innskrenkar handlingsfridomen til den enkelte vesentlig meir, i tillegg til at farepotensialet ikkje kan seiast å vere like stort.

## 7 Avsluttande merknadar om framtida

Som nemnt i kapittel 1.1, skaper strl. § 136 bokstav d ein del utfordringar knytt til rettstryggleik. Dette på bakgrunn av at den kriminaliserer handlingar som leiar fram mot ei terrorhandling, ikkje ei terrorhandling i seg sjølv. Særleg problematisk er den forskyvinga av fokus frå det objektive til det subjektive, som skjer når ein kriminaliserer tidleg i hendingsgangen. Denne subjektiviseringa av straffansvaret gjer det både utfordrande for eleven å forutsjå si rettsstilling,<sup>151</sup> samtidig som det aktualiserer heilt grunnleggande prinsipp i uskuldpresumsjonen.<sup>152</sup> Fokuset på eleven sine tankar gjer det vanskeleg å forsvare seg mot mistanke, noko som igjen opnar for ein utstrakt bruk av tvangsmiddel.

Paragraf 136 bokstav d kom inn i straffelova i etterkant av terrorangrepet på Regjeringskvartalet i Oslo og på Utøya den 22.juli 2011. Når terrorhandlingar rammer så nært, er det forståelig at det er fristande å senke krava til rettstryggleik, til dømes i form av å tolke eller utforme vidtrekkande førebuingsstraffebod, for å forsøke å forhindre nye terrorhandlingar. Å komme terrorbrottsverk i forkjøpet er noko ”alle” meiner er eit fornuftig formål. Men dersom samfunnet ikkje til ei viss grad opnar for også provoserande og fråstøytande tankar, bevegar vi oss bort i frå fridom, og over i eit meir autoritært samfunn med tankekontroll og overvaking.<sup>153</sup> Lovgivar bør vere svært forsiktig med å setje til side heilt grunnleggande verdiar og rettar i rettsstaten ut i frå eit ønskje om å hindre eit mogeleg framtidig terrorangrep.<sup>154</sup>

For å avhjelpe denne rettstryggleiks-problematikken er det etter mitt syn svært viktig at rettsbrukarane og domstolane ved tolking av § 136 bokstav d har for auge dei grunnleggande verdiane i strafferetten. Fokuset må vere på det som gjer terroropplæring farleg – nemleg tilknytninga til eit terrorbrottsverk. Dei tolkingane eg tek til ordet for i denne framstillinga knyttar straffansvaret til opplæring som har eit nært forhold til terrorbrottsverk. Særleg den

---

<sup>151</sup> Sjå kapittel 4.

<sup>152</sup> Sjå punkt 6.1.

<sup>153</sup> Gule (2017) s. 44.

<sup>154</sup> Sjå Gule (2017) s.19, der Lars Gule brukar Benjamin Franklin sitt berømte sitat for å illustrere akkurat dette poenget; *”Those who would give up essential Liberty, to purchase a little temporary Safety, deserves neither Liberty nor Safety.”*

snevre tolkinga av vilkåret ”særlig egnet” vil hindre at straffebodet får eit for vidt nedslagsfelt, samstundes som det fortsatt vil ramme dei tilfella der opplæringa er spesielt farleg.

# Litteraturliste

## Lover

### *Norske lover*

- Lov 17.mai 1814                      Kongeriket Noregs Grunnlov (Grunnlova – Grl.).
- Lov 22.mai 1902 nr.10              Almindelig borgerlig straffelov (straffelov av 1902, oppheva)
- Lov 22.mai 1981 nr.25              Lov om rettergangsmåten i straffesaker  
(Straffeprosesslova – strpl.).
- Lov 21.mai 1999 nr.30              Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett  
(Menneskerettslova – mrl.).
- Lov 20. mai 2005 nr.28              Lov om straff (Straffelova – strl.).
- Lov 21. juni 2013 nr.85              Lov om endringer i straffeloven 1902 og straffeloven 2005 mv.  
(forberedelse av terror m.m).

### *Utanlandske lover*

Dansk straffelov= Borgerlig straffelov, 15 april 1930 nr.126.

Engelsk rett: The terrorism act 2006 section 6 , 30. march 2006.

Tilgjengeleg her:

<https://www.legislationline.org/download/id/1301/file/cba2fd9a3ff5adc965c12283d7a5.pdf>

Svensk straffelov= Brottsbolk, 21. desember 1962, SFS 1962:700.

Tysk straffelov= Strafgesetzbuch, 15. mai 1871.

## **Forarbeid**

- NOU 1992: 23                      Ny straffelov – alminnelige bestemmelser.  
Straffelovkommisjonens delutredning V. 25.november 1991.
- Ot.prp. nr. 64 (1998–1999)      Om lov om endringer i straffeprosessloven og straffeloven mv  
(etterforsningsmetoder mv), 10.mai 1999.
- Ot.prp. nr. 61 (2001–2002)      Om lov om endringer i straffeloven og straffeprosessloven mv.  
(lovtiltak mot terrorisme- gjennomføring av FN-konvensjonen  
9.desember 1999 om bekjempelse av finansiering av terrorisme  
og FNs sikkerhetsråds resolusjon 1373 28.september 2001).
- NOU 2002: 4                      Ny straffelov Straffelovkommisjonens delutredning VII, 4.mars  
2002.
- Ot.prp. nr. 62 (2002–2003)      Om lov om endring i straffeloven og straffeprosessloven mv.  
(lovtiltak mot organisert kriminalitet og menneskehandler,  
gjernangerstraff mv.).
- NOU 2003:18                      Rikets sikkerhet. Straffelovkommisjonens delutredning VIII.
- Ot.prp. nr. 90 (2003–2004)      Om lov om straff, 02. Juli 2004.



- Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) Om lov om endringer i straffeloven 20.mai 2005 nr.28 ,v.  
(Skjerpene og formildende omstendigheter, folkemord, rikets selvstendighet, terrorhandlinger, ro, orden og sikkerhet, og offentlig myndighet).
- Prop. 131 L (2012–2013) Endring av straffelova 1902 og straffelova 2005. (blant anna førebuing til terror).
- Innst. 442 L (2012–2013) Innstilling fra Justiskomiteen om endring av straffeloven 1902 og straffeloven 2005.

## **Rettspraksis**

### **Noreg:**

#### **Høgsterett**

Rt.1995 s.17 A

Rt.2005 s.1628 A

Rt.2012 s.1211 U

Rt.2014 s.238 A

Rt.2014 s. 786 A

HR-2018-1781-A

HR-2019-1675-A

### **Danmark:**

Vestre landsret U.2014.3017V

### **Tyskland:**

BGH dom 27.10.15, 3 StR 218/15

Tilgjengeleg på tysk her: <http://juris.bundesgerichtshof.de/cgi-bin/rechtsprechung/document.py?Gericht=bgh&Art=en&nr=72943>

### **Internasjonal rett**

FNs konvensjon mot grenseoverskridende organisert kriminalitet (Palermokonvensjonen), 15.november 2000.

Europarådets rammeavgjørelse om bekjempelse av terrorisme (2002/475/JHA), 13.juni 2002.

Europarådets konvensjon om forebygging av terrorisme, Warszawa 16.mai 2005 ETS nr.196.

Tilleggsprotokoll til Europarådets konvensjon om forebygging av terrorisme, Riga 22. oktober 2015.

EU-direktiv om bekjempelse av terrorisme og erstatning av rammebeslutning 2002/475/JHA og endre europarådets beslutning 2005/671/JHA, (2017/541/JHA), 15.mars 2017.

## Offentlege dokument

Meld. St.21 (2012-2013) Terrorberedskap- Oppfølging av NOU 2012:14 Rapport frå 22.julikommissjonen.

Dokument nr. 16 (2011-2012) Rapport fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven (19.november 2011).

Politiets sikkerhetstjeneste(PST). Åpen trusselvurdering 2013.

Tilgjengeleg her: <https://www.pst.no/globalassets/artikler/trusselvurderinger/trusselvurdering-2013.pdf>

Justis- og beredskapsdepartementets høyringsnotat av 12. juli 2012.

Tilgjengelig her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c0e54a810414447384bc2468b82ed41d/horingsnotat.pdf>

## Juridisk litteratur

### ***Bøker***

Aall, Jørgen, *Rettsstat og menneskerettigheter: En innføring i vernet om individets sivile og politiske rettigheter etter den norske forfatning og etter Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen*, 5.utg. Fagbokforlaget, Bergen 2018.

Andenæs, Johs; Rieber-Mohn, Georg Fr og Sæther, Knut Erik. Alminnelig strafferett. 6.utgavae., Universitetsforlaget, Oslo 2016. (Andenæs m.fl 2016).

Asp, Petter, *Från tanke till gärning: del I: Legitimationsfrågor rörande förfälsdelikt. Iustus förlag*, Iustus förlag, Uppsala 2005.

Tilgjengeleg her: <http://uu.diva-portal.org/smash/get/diva2:108643/FULLTEXT01.pdf>

Bruce, Ingrid og Husabø, Erling Johannes. *"Fighting terrorism through Multilevel Criminal Legislation. Security Council Resolution 1373, the EU Framework Decision on Combating Terrorism and the Implementation in Nordic, Dutch and German Criminal law."* Leiden/Boston, 2009.

Gröning, Linda, Husabø, Erling Johannes og Jacobsen, Jørn, *Frihet, forbrytelse og straff- En systematisk fremstilling av norsk strafferett*, 2.utg, Fagbokforlaget, Bergen 2019.

Husabø, Erling Johannes, *Strafferettens periferi: Medverking, forsøk, førebuing*. Universitetsforlaget, Bergen 1999.

Husabø, Erling Johannes, *Terrorisme i norsk strafferett. Ein analyse av straffelova kapittel 18*. Fagbokforlaget, Bergen 2018.

Jacobsen, Jørn, *Fragment til forståing av den rettsstatlege strafferetten*, Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS, Bergen 2009.

Lomell, Heidi Mork og Uglevik, Synnøve, red. *Justice and Security in the 21st century: Risks, Rights and the Rule of Law*. Kap.6 *"Punishing the uncommitted crime: Prevention, Pre-emption, Precaution and the Transformation of Criminal Law."*, Routledge, London 2012.

Matningsdal, Magnus, *Straffeloven: lov 20.mai 2005 nr.28 om straff: de straffbare handlingene, kapittel 17-31: kommentarutgave*. Universitetsforlaget, Oslo 2017.

Murphy, Cian C, *EU Counter-Terrorism Law: Pre-Emption and the rule of law*. Hart Publishing, United Kingdom 2015.

Nordenhaug, Iselin og Engene, Jan Oskar, *Norge i kamp mot terrorisme*. Universitetsforlaget, Oslo 2008.

De Guttry, Andrea, Capone, Francesca og Paulussen, Christopher, *Foreign Fighters under international Law and Beyond*, kapittel 2 "Foreign Fighters in the Syria and Iraq Conflict: Statistics and Characteristics of a Rapidly Growing Phenomenon", Edwin Bakker og Mark Singleton, s. 9-25, Singer 2016.

Andersen, Anna, Høgstøl, Sofie A.E og Lie, Anne Christine (red.), *Fremmedkrigere: forebygging, straffeforfølgning og rehabilitering i Skandinavia*. Oslo 2018.

### ***Juridiske artiklar***

Bruce, Ingvild. "EUs terrorlovgivning og nasjonal strafferett: en illustrerende kollisjon med store konsekvenser," *Kritisk Juss* 03/2009, s. 225-229.

Chalkiadaki, Vasiliki, "The case of terrorism: Security as purpose of criminal law?", *International Network of doctoral studies in Law*, Vilnius University, 9-10 april 2015.

Nedlastingsdato: 20.oktober 2019. Tilgjengeleg her: <http://lawphd.net/wp-content/uploads/2014/09/International-Conference-of-PhD-Students-and-young-researchers-2015.pdf#page=26&zoom=auto,54,778>

Engene, Jan Oskar, "Mer overvåkning, mer kontroll: Noen utviklingstrekk etter 22.juli 2011". *Tidsskrift for samfunnsvitenskap nr.2* 2013, s. 233-244.

Frøberg, Thomas, "Nyere praksis om det strafferettslige legalitetsprinsippet". *Jussens Venner* 50(1-2) s. 46-71. 2015/01-02.

Gule, Lars, "Fremmedkrigere og Terror", *Kritisk Juss* 01/2019(Volum 45) s. 18-47.

Nedlastingsdato: 24.oktober 2017. Tilgjengeleg her: [https://www.idunn.no/kritisk\\_juss/2019/01/fremmedkrigere\\_og\\_terror](https://www.idunn.no/kritisk_juss/2019/01/fremmedkrigere_og_terror)

Husabø, Erling Johannes, ”Pre-aktiv strafferett”, *Tidsskrift for strafferett* 2003, s. 97-106.

Husabø, Erling Johannes, ”Counter-Terrorism and the Expansion of pro-active Police Powers in the Nordic States, *Journal of Scandinavian Studies in Criminology and Crime Prevention*, 2013/1”, s. 3-23.

Husabø, Erling Johannes, ”Notat til 22.julikommisjonen. Grenser for kriminalisering av førebuingshandlingar og bruk av skjulte tvangsmidlar mot terrorisme i ein demokratisk rettsstat” 20.mars 2012, s.1-23.

Husabø, Erling Johannes og Aall, Jørgen. ”Bekjempelse av terrorisme og forsvar for rettsstaten- et britisk eksempel.” *Lov og rett* 44(9): 515-530.

Murphy, Cian C. ”Transnational Counter-terrorism Law: Law, Power and Legitimacy in the ‘Wars on Terror’.” *Legal Studies Research Paper Series: Paper No.2015-14*. London 2015.

Nedlastingsdato: 4. november 2019. Tilgjengeleg her: <https://ssrn.com/abstract=2570929>

Pelser, Caroline M. ”Preparations to commit a crime. The Dutch approach to inchoate offences”, *Utrecht Law review*, Vol.4, No.3, s.57-80, 14. desember 2008.

Nedlastingsdato: 1.oktober 2019. Tilgjengeleg her:  
[https://papers.ssrn.com/sol3/papers.cfm?abstract\\_id=1319387](https://papers.ssrn.com/sol3/papers.cfm?abstract_id=1319387)

Shanahan, Timothy. ”The definition of Terrorism. I: Jackson, Richard, red. *Routledge Handbook of Critical Terrorism Studies*. Routledge, London 2016: 103-113.

Nedlastingsdato: 29. oktober 2019. Tilgjengeleg her:  
[https://www.researchgate.net/publication/311049881\\_The\\_Definition\\_of\\_Terrorism](https://www.researchgate.net/publication/311049881_The_Definition_of_Terrorism)

Torgersen, Runar. ”Fra riksadvokaten”. *Tidsskrift for strafferett nr.1* 2013, s.127-146 (TFST-2013-127). Nedlastingsdato: 9.oktober 2019.

Tilgjengeleg her: [https://www.idunn.no/tidsskrift\\_for\\_strafferett/2013/01/fra\\_riksadvokaten](https://www.idunn.no/tidsskrift_for_strafferett/2013/01/fra_riksadvokaten)

Vestergaard, Jørn. "Pre-active Anti-terrorism Legislation: The Case of Denmark", *Scandinavian Studies in Law* 60, s. 407-424, København 2015.

Nedlastingsdato: 22.oktober 2019. Tilgjengeleg her: [https://static-curis.ku.dk/portal/files/162459783/JV\\_Scandinavian\\_Studies\\_In\\_Law\\_Vol\\_60\\_Vestergaard\\_s\\_407\\_424\\_.pdf](https://static-curis.ku.dk/portal/files/162459783/JV_Scandinavian_Studies_In_Law_Vol_60_Vestergaard_s_407_424_.pdf)

### **Avisartiklar:**

Curtis, Polly og Taylor, Matthew, "Lawbreakers in the Library", *The Guardian*, 8.november 2005.

Nedlastingsdato: 11.september 2019. Tilgjengeleg her: <https://www.theguardian.com/politics/2005/nov/08/highereducation.freedomofinformation>

Lippsett, Anthea, "The Nottingham two", *The Guardian*, 16.mai 2008.

Nedlastingsdato: 11.september 2019. Tilgjengeleg her: <https://www.theguardian.com/education/2008/may/16/highereducation.uk>

### **Andre kjelder:**

Matningsdal, Magnus, Norsk lovkommentar: Straffeloven, note 961, Rettsdata.no (Lest 30. August 2019).

Orgeret, Kristin Skare, "Charlie Hebdo" Store norske leksikon, 14.mars 2019 (gjeldande versjon).

Nedlastingsdato: 28.september 2019. Tilgjengeleg her: [https://snl.no/Charlie\\_Hebdo](https://snl.no/Charlie_Hebdo)

United Nations Office on Drugs and Crime, "The Use of the internett for terrorist purposes", September 2012.

Nedlastingsdato: 18.september 2019. Tilgjengeleg her:

[https://www.unodc.org/documents/frontpage/Use\\_of\\_Internet\\_for\\_Terrorist\\_Purposes.pdf](https://www.unodc.org/documents/frontpage/Use_of_Internet_for_Terrorist_Purposes.pdf)

Wikiquote, "Benjamin Franklin", [https://en.wikiquote.org/wiki/Benjamin\\_Franklin](https://en.wikiquote.org/wiki/Benjamin_Franklin) ,

Nedlastingsdato 30. November 2019.